

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 202



JORDBRUKSSTATISTIKK
1965

AGRICULTURAL STATISTICS
1965

STATISTISK SENTRALBYRÅ
OSLO 1966

Noregs offisielle statistikk, rekkje XII

Norway's Official Statistics, Series XII

Rekkje XII

Boktrykk 1965

- Nr. 178 Jordbruksstatistikk 1964 *Agricultural Statistics*
- 179 Fiskeristatistikk 1963 *Fishery Statistics*
- 180 Helsestatistikk 1963 *Health Statistics*
- 181 Fiskeritelling 1. november 1960 III Oversikt *Fishery Census III General Survey*
- 182 Skattestatistikk 1963 *Tax Statistics*
- 183 Elektrisitetsstatistikk 1964 *Electricity Statistics*
- 184 Utenrikshandel 1964 III *External Trade III*
- 185 De offentlige sektorers finanser 1961 *Public Sector Finances*
- 186 Meieribruket i Noreg 1964 *Norway's Dairy Industry*
- 187 Alkoholstatistikk 1964 *Alcohol Statistics*

Rekkje XII

Boktrykk 1966

- Nr. 188 Økonomisk utsyn over året 1965 *Economic Survey*
- 189 Psykiatriske sykehus 1964 *Hospitals for Mental Disease*
- 190 Skogstatistikk 1964 *Forestry Statistics*
- 191 Syketrygden 1964 *National Health Insurance*
- 192 Samferdselsstatistikk 1964 *Transport and Communication Statistics*
- 193 Utenrikshandel 1965 I *External Trade I*
- 194 Folkemengdens bevegelse 1964 *Vital Statistics and Migration Statistics*
- 195 Statistisk årbok 1966 *Statistical Yearbook of Norway*
- 196 Helsestatistikk 1964 *Health Statistics*
- 197 Forsikringselskaper 1964 *Sociétés d'assurances*
- 198 Norges postverk 1965 *Statistique postale*
- 199 Stortingsvalget 1965 II *Storting Elections II*
- 200 Utenrikshandel 1965 II *External Trade II*
- 201 Alkoholstatistikk 1965 *Alcohol Statistics*
- 202 Jordbruksstatistikk 1965 *Agricultural Statistics*

Noregs offisielle statistikk, rekkje A

Norway's Official Statistics, Series A

Rekkje A

Stensil-, offsettrykk 1966

- Nr. 150 Dødsårsaker 1964 Hovedtabeller *Causes of Death. Main Tables*
- 151 Barnevernsstatistikk 1964 *Child Welfare Statistics*
- 152 Husmorvikarvirksomhet og hjemmesykepleie 1964 *Housewife Substitute Services and Home Nursing*
- 153 Markedstall Bedriftstelingen 1963 I Bergverksdrift m.v. og industri *Market Data. Census of Establishments I. Mining and Quarrying, Manufacturing*
- 154 Hotellstatistikk 1965 *Hotel Statistics*

Framh. 3. omslagsside.

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK XII 202



JORDBRUKSSTATISTIKK
1965

AGRICULTURAL STATISTICS
1965

STATISTISK SENTRALBYRÅ
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY
OSLO 1966

Utkome før

Representativ landbrukstelling 1923 VII 117.

Landbruksareal og husdyrhold 1924 VII 153, 1925 VII 183, 1926 VIII 28, 1927 VIII 39, 1928 VIII 77, 1930 VIII 140, 1931 VIII 166, 1932 VIII 194, 1933 IX 16, 1934 IX 43, 1935 IX 71, 1936 IX 96.

Jordbruksstatistikk 1937 IX 132, 1938 IX 159, 1939—1944 X 99, 1945 X 117, 1946 X 148, 1947 X 161, 1948 X 195, 1949 XI 44, 1950 XI 69, 1951 XI 108, 1952 XI 127, 1953 XI 176, 1954 XI 202, 1955 XI 235, 1956 XI 276, 1957 XI 308, 1958 XI 341, 1959 XII 46, 1960 XII 54, 1961 XII 84, 1962 XII 118, 1963 XII 149, 1964 XII 178.

Jordbrukstelingen i Norge 1949:

- Første hefte. Arealet, husdyrholdet m. v. XI 40.
- Annet » Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m. v. XI 71.
- Tredje » De naturlige jordbruksområder XI 87.
- Fjerde » Oversikt XI 103.

Jordbruksteljinga i Noreg 1959:

- Første hefte. Areal, husdyrhald m. m. XII 40.
- Andre » Maskinar og reiskapar m. m. XII 53.
- Tredje » Eige- og leigetilhøve, arbeidskraft m. m. XII 79.
- Fjerde » Dei naturlege jordbruksområda XII 88.
- Femte » Oversyn XII 123.

Også i 1907, 1917, 1929 og 1939 var det særskilde jordbruksteljingar. Oppgåver over husdyrhald, utsæde m. m. vart henta inn saman med folketeljingane i 1835, 1845, 1855, 1865, 1875, 1890 og 1900. Ein viser også til Beretninger om amternes økonomiske tilstand (1827—1920).

Av statistiske publikasjoner som gjeld jordbruket, kan ein elles nemne meieristatistikken (årleg frå 1925) og veterinærstatistikken (årleg frå 1889) og av særskilde etterrøknader:

Husdyrbruket. Produksjon	1927/28 VIII 98.
»	» 1946/47 XI 24.
Svineholdet 3. april 1934 og	1933 IX 38.
Pelsdyrtellingen 1. september	1934 IX 65.
»	» 1936 IX 115.
»	» 1946 X 151.

Beitetellingen 1935 IX 110.

Bureising med statsstøtte 1921—1936 X 1.

Gårdbrukernes og småbrukernes formue og gjeld 1932/33 IX 18.

Bøndenes bruttoformue og gjeld 1940, 1944 og 1946 X 183.

Alders- og yrkesstrukturen i jordbruket XII 169.

Fruktreteljing 1965 A 140.

Føreord

Dette heftet inneheld resultatata frå utvalsteljinga i jordbruket pr. 20. juni 1965. Omfram dei vanlege oppgåvene over areal og husdyrhald blei det henta inn oppgåver over produksjonen i 1964 av kjøt, flesk, mjølk, egg og ull. Resultata av ei frukttreteljing på bruk med over 50 frukttre er også tekne med her.

Heftet inneheld elles den årlege statistikken over avlingane i jordbruk og hagebruk, husdyrhald pr. 31. desember, kjøtkontroll, fjøskontroll, paringsstatistikk for svin, løner i jordbruk og skogbruk, omsetnad og prisar på fast eigedom m. v. Det er også med eit oversyn over prisar på jordbruksprodukt og produksjonsmiddel m. v.

Konsulent Alfred Gustafson har stått for det meste av arbeidet med publikasjonen. Fullmektig Anna Strand har hatt arbeidet med avsnitt VIII.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 6. juli 1966.

Petter Jakob Bjerve

Norvald Ones

Preface

This publication contains the results from the annual sample survey of agriculture at 20 June 1965. In addition to the usual statistics on area and livestock, data were also collected on the production in 1964 of meat, milk, eggs and wool. Also included in this publication are the results of a census of fruit trees on holdings with more than 50 fruit trees.

This volume further contains the annual statistics of agricultural and horticultural crops, livestock at 31 December, controlled slaughtering, milk yield etc. registered at milk-recording societies, covered sows, wages in agriculture and forestry, sales and prices of real property etc., and a survey of prices of agricultural products and means of production etc.

Mr. Alfred Gustafson has been responsible for the preparation of the greater part of this publication. Mrs. Anna Strand has been in charge of the compilation of the statistics in chapter VIII.

Central Bureau of Statistics, Oslo, 6 July 1966.

Petter Jakob Bjerve

Norvald Ones

Innhald

	Oversyn	Tabellar	
	Side	Nr.	Side
I. Det statistiske materialet	7		
II. Jordbruk og hagebruk	8	1—16	28
1. Jordbruksarealet	8	1—5	28
2. Nydyrking	9	6—7	33
3. Avlingane	9	8—16	34
a. Jordbruket	9	8—12	34
b. Hagebruket	10	13—16	42
III. Husdyrhaldet	11	17—35	46
1. Talet på husdyr	11	17—24	46
2. Husdyrproduksjon	11	25—35	51
a. Samla produksjon	11	25	51
b. Meieridrifta	12	26—28	52
c. Kjøtkontrollen	12	29—31	53
d. Paringsstatistikken for svin	12	32—33	55
e. Pelskinn	13	34	55
f. Fjøs kontrollen	13	35	56
IV. Driftsmiddel	13	36—42	57
1. Maskinar og reiskapar	13	36—39	57
2. Kunstgjødsel og kraftfôr	13	40—42	58
V. Arbeidskraft i jordbruket	14	43	61
VI. Prisar, økonomi m. v.	14	44—64	61
1. Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel	14	44—51	61
2. Rekneskapsresultat i jordbruket	15	52—53	65
3. Jordbrukets totalrekneskap	15	54	66
4. Investeringar, lån, statstilskot	16	55—58	66
5. Løner i jordbruk og skogbruk	16	59—60	68
6. Prisar på faste eigedomar	16	61—64	70
a. Omsetnad av fast eigedom	16	61	70
b. Prisar på eigedomane	17	62—64	71
VII. Husdyrproduksjonen i 1964	17	65—89	74
1. Samla produksjon	17	65	74
2. Kjøtt og flesk	18	66—73	75
3. Mjølkk	19	74—84	82
a. Kumjølkk	19	74—80	82
b. Geitmjølkk	21	81—84	90
4. Egg	21	85—89	92
5. Ull	22	90—91	96
VIII. Fruktreteljing 1965	22	92—99	98
1. Brukstal og hagestorleik	23		
2. Talet på frukttré	24		
3. Sortsfordelinga	25		
4. Planteperiodar	25		
5. Tilplanta areal	25		
Samandrag på engelsk	26		
Vedlegg			
1. Utvalsteljing for jordbruket 1965	105		
2. Fruktreteljing 1965	107		

Standardteikn

- Null
- .. Oppgåve vantar
- . Tal umogeleg (ulogisk)

Contents

	General survey	Tables	
	Page	No.	Page
I. The statistical material	7		
II. Agriculture and horticulture	8	1—16	28
1. Agricultural area	8	1—5	28
2. Cultivation	9	6—7	33
3. Production	9	8—16	34
a. Agriculture	9	8—12	34
b. Horticulture	10	13—16	42
III. Livestock	11	17—35	46
1. Number of livestock	11	17—24	46
2. Livestock production	11	25—35	51
a. Total production	11	25	51
b. Dairy products	12	26—28	52
c. Controlled slaughtering	12	29—31	53
d. Covered sows	12	32—33	55
e. Fur production	13	34	55
f. Milk yield, etc., registered at milk-recording societies	13	35	56
IV. Means of production	13	36—42	57
1. Machinery and implements	13	36—39	57
2. Fertilizers and concentrated feeds	13	40—42	58
V. Labour force in agriculture	14	43	61
VI. Prices and working results	14	44—64	61
1. Prices of agricultural products and means of production	14	44—51	61
2. Working results in agriculture	15	52—53	65
3. Aggregate account of agriculture	15	54	66
4. Investments, loans, subsidies	16	55—58	66
5. Wages in agriculture and forestry	16	59—60	68
6. Prices of real property	16	61—64	70
a. Sales of real property	16	61	70
b. Prices of the properties	17	62—64	71
VII. Livestock production 1964	17	65—89	74
1. Total production	17	65	74
2. Meat	18	66—73	75
3. Milk	19	74—84	82
a. Cow's milk	19	74—80	82
b. Goat's milk	21	81—84	90
4. Eggs	21	85—89	92
5. Wool	22	90—91	96
VIII. Census of fruit trees	22	92—99	98
1. Number of holdings and size of orchards	23		
2. Number of fruit trees	24		
3. Kinds of fruit	25		
4. Planting period	25		
5. Planted area	25		
English summary	26		
Appendix			
1. Sample survey of agriculture 1965	105		
2. Census of fruit trees	107		

Explanation of Symbols

- Nil
- .. Data not available
- . Category not applicable

Oversyn

I. Det statistiske materialet.

Pr. 20. juni 1965 blei det halde ei utvalsteljing for jordbruket etter liknande retningsliner som i åra 1960—1964.

Teljinga omfatta om lag 20 000 bruk med over 5 dekar jordbruksareal. Det var 10 prosent av bruka med 5,1—100 dekar jordbruksareal og 20 prosent av bruka med meir enn 100 dekar ved den fullstendige jordbruksteljinga i 1959. I utvalet var kommunar og bruksklassar representerte i høve til talet på bruk ved jordbruksteljinga. Innan kvar bruksklasse var bruka tekne ut tilfeldig. Utvalet som blei nytta i 1965 var det same som i 1960—1964.

Totaltal for areal og husdyrtal i 1965 er rekna ut for dei einskilde fylke på grunnlag av dei relative endringane i areal og husdyrtal frå 1959 til 1965 ved dei undersøkte bruka. Utrekninga gjeld såleis for bruk med over 5 dekar jordbruksareal, men det er gjort tillegg for bruk med inntil 5 dekar, med same areal og dyretal som i 1959.

I samband med areal- og husdyrteljinga 20. juni blei det i 1965 henta inn oppgåver over produksjonen av kjøt og flesk, mjølk, egg og ull. Sidan 1950 har det vore slik teljing kvart femte år. Den førre var i 1960. Årlege oppgåver på eit noko anna grunnlag blir rekna ut av Budsjettnemnda for jordbruket.

Ei utvalsteljing for husdyrhald pr. 31. desember 1965 blei halden på same måte som ved førre årsskifte. Denne teljinga omfatta eit utval av kommunar, men elles dei same bruka som ved teljinga 20. juni. Det var med i alt ca. 8 000 bruk, eller nær 4 prosent av bruk med over 5 dekar jordbruksareal i 1959. På grunnlag av endringane i dyretalet frå juni til desember på dei undersøkte bruka, er det rekna ut totaltal for husdyrhaldet i heile landet under eitt.

Avlingsstatistikken for jordbruket byggjer på oppgåver frå jordstyret i kvar kommune. For hagebruket byggjer statistikken på oppgåver frå fylkeslandbruksselskapa.

Årlege oppgåver over lønene i jordbruk og skogbruk blir innhenta på spørjeskjema som i januar blir sende til nokre gardbrukarar i kvar kommune.

Statistikken over omsetnad av faste eigedomar og utrekning av gjennomsnittsverdiar pr. skyldmark byggjer på oppgåver over tinglyste heimelsbyte.

Publikasjonen har også med ein del annan statistikk vedrørande jordbruket, frå Byrået og frå andre institusjonar.

II. Jordbruk og hagebruk. (Tab. 1—16)

Med fulldyrka jord meiner ein jord som har vore pløgt eller oppbroten til vanleg plogdjupn. Natureng og overflatedyrka jord gjeld slåtteng og kulturbeite som ikkje er fulldyrka. Ein tek ikkje med utslåtter, hamnehagar og anna udyrka beite i utmark. Frå 1959 er jordbruksarealet rekna som summen av fulldyrka jord og natureng og overflatedyrka jord. Tidlegare var også utslåttene med.

Produktiv skog etter skogbruksteljinga i 1957 er skog som stettar same minstekrav som Landsskogtakseringen reknar med ved revisjonstakseringane. Tala gjeld berre skogeigedomar med minst 25 dekar produktiv skog og/eller skogreisingsareal.

«Anna areal» er skilnaden mellom samla landareal etter Geografisk oppmåling og jordbruks- og skogarealet. Det meste er areal over skoggrensa. Dette arealet er rekna ut av Landsskogtakseringen, men seinare revidert i Byrået. «Anna areal» under skoggrensa omfattar såleis hagemark og utslåtter, myr under skoggrensa, uproduktiv mark (impediment) og areal nytta til byggjegrund, vegar, jarnvegar m. v.

Samla landareal utgjør 95,3 prosent og ferskvatn 4,7 prosent av totalarealet.

1. Jordbruksarealet. (Tab. 1—5)

Oppgåver over jordbruksarealet og bruken av det blir kvart år i tidsrommet mellom dei fullstendige jordbruksteljingane samla inn ved utvalsteljingar pr. 20. juni. Frå 1959 gjeld tala både bygder og byar.

Samla kornareal blei utrekna til 2 403 000 dekar i 1965. Dette var 1 prosent mindre enn året før. Byggarealet auka med 4 prosent, medan arealet av andre kornslag gjekk ned, kveite med ca. 40 prosent og havre med 13 prosent. Arealet av oljevokstrar til mogning blei rekna ut for første gong i 1964, og var då nær 35 000 dekar. Arealet auka i 1965 til 48 000 dekar. Potetarealet var 483 000 dekar i 1965, eller 1 prosent mindre enn året før, medan grøn-sakarealet på friland auka med 3 prosent. Grønfôrarealet (medrekna fôraps) auka med 7 prosent siste året medan arealet av rotvokstrar og fôrmergkål minka med 11 prosent.

Samla areal av åker og hage var om lag som året før. Engareala til slått har framleis gått tilbake og samstundes ligg ein del av enga unytta. Samla areal av fulldyrka jord var etter teljinga i 1965 noko mindre enn året før, men samanlikningar frå år til år blir noko usikre av di det ikkje alltid er klårt skilje mellom fulldyrka og ikkje fulldyrka eng, og av di ein ikkje kjenner til kor mykje «eng ikkje nytta» som ligg «varig» unytta og såleis ikkje lenger skal reknast med til jordbruksarealet.

Etter jordlova og konsesjonslova skal spørsmål om bruk av dyrka jord til anna enn jordbruksføremål handsamast av landbruksadministrasjonen. Etter oppgåver frå Landbruksdepartementet blei i 1965 i alt 26 590 dekar godkjent nytta til ymse føremål: 3 400 til skogplanting, 13 300 til byggjegrund (bustader, industri, humanitære føremål), 3 500 til plassar og vegar og 1 400 til ymse anna. 4 900 dekar gjekk inn i område der jordlova ikkje gjeld (område med stadfest reguleringsplan). Frågang på grunn av vanhevd, nedleggjing av bruk og naturøydeleggjing er då ikkje rekna med.

2. Nydyrking. (Tab. 6—7)

Etter teljingane auka det samla arealet av fulldyrka jord med om lag 70 000 dekar frå 1959 til 1965. Som nemnt ovanfor er desse oppgåvene noko usikre, og ein har ikkje beinveges oppgaver over all fulldyrka jord som årleg går til anna enn jordbruksforemål.

Nydyrkinga med statsstønad auka fram til 1959, då det blei fulldyrka om lag 100 000 dekar. Seinare har nydyrkinga minka, og i 1965 var arealet om lag 50 000 dekar. Overflatedyrking med statsstønad har og gått tilbake, frå 25—30 000 dekar årleg i 1950—1960 til 11 000 dekar i 1965. Det er og gitt stønad til grøfting av tidlegare dyrka jord. Slikt grøfta areal har dei seinaste åra vore mellom 70 000 og 90 000 dekar.

3. Avlingane. (Tab. 8—16)

Ved utgangen av kvar månad i tida mai—oktober blir det sendt ut meldingar frå landbruksdirektøren om veksttilhøva og avlingsvonenene for jordbruks- og hagevokstrane. Ved utgangen av oktober blir det og gjort ei førebels utrekning av avlingsmengdene. Byrået reknar seinare ut dei endelege avlingsmengdene for jordbruksvokstrane etter oppgaver frå jordstyra, og for hagebruksvokstrane etter oppgaver frå fylkeslandbruksselskapa (fylkesgartnarane).

Etter meldingane om veksttilhøva i 1965 var det sein og kald vår i somme strok, mest over Austlandet og i Nord-Noreg. Elles i landet var det til dels heller tidleg vår. Ved utgangen av juni stod årsvoksteren stort sett bra. I juli, august og september var det for det meste kaldt og regnfullt over mykje av Austlandet og Nord-Noreg. Elles i landet var vertilhøva meir vanlege. I oktober månad var det noko vekslande tilhøve. Mange bygder hadde bra haustver, men Trøndelag og det meste av Nord-Noreg fekk uvanleg mykje nedbør — Nord-Noreg til dels som snø og sludd.

a. Jordbruket. (Tab. 8—12).

Avlingane av korn og erter til mogning blei i alt 614 000 tonn i 1965, mot 630 000 tonn i 1964. Avlinga pr. dekar var 255 kg, utrekna til 91 prosent av eit middelsår, mot 260 kg i 1964. Bygget gav 257 kg pr. dekar og i alt 485 000 tonn i 1965, havren 249 kg pr. dekar og i alt 113 000 tonn og kveiten 278 kg pr. dekar og i alt 12 000 tonn. Austlandsfylka og Agder fekk mellom 80 og 95 prosent av eit middelsår, medan kornavlingane på Vestlandet og i Trøndelag stort sett var over eit middelsår. Kvaliteten av kornavlinga var til dels dårlegare enn året før i somme fylke på Austlandet, men betre på Vestlandet og i Trøndelag.

Gjennomsnittsavlinga av poteter blei 2 348 kg pr. dekar i 1965, mot 1 641 kg i 1964. Potetarealet var noko mindre i 1965 enn året før, men samla avling blei 1 134 000 tonn, mot 804 000 tonn i 1964. Avlinga pr. dekar er rekna til 97 prosent av eit middelsår (mot 69 prosent året før). Det var under 100 prosent i austlandsfylka (frå 75 til 99), men over 100 på Vestlandet og i Trøndelag (frå 104 til 110). Nord-Noreg fekk dårlege potetavlingar, særleg Troms og Finnmark. Kvaliteten av potetavlinga var vekslande på Austlandet og i Nord-Noreg, men jamt over bra elles i landet.

Samla avling av rotvokstrar og førmergkål blei 675 000 tonn i 1965, mot 608 000 tonn i 1964. Arealet var noko mindre enn året før, men avlingane pr.

dekar var større. Fôrnepe og fôrmergkål gav om lag middelsårs avling medan kålrot og fôrbete gav om lag 90 prosent. Også her var det relativt best avling på Vestlandet og i Trøndelag.

Avlinga av grønfôr blei i alt 62 000 tonn (rekna som tørt grønfôr) mot 54 000 tonn i 1964. Både areal og avling pr. dekar var større enn året før.

Gjennomsnittsavlinga av høy i 1965 var 623 kg pr. dekar fulldyrka eng og 389 kg pr. dekar natureng og overflatedyrka eng, mot 619 og 386 kg i 1964. Arealet av slåtteng var noko mindre enn året før, og samla høyavling var 2 778 000 tonn, eller om lag som i 1964. Avlinga pr. dekar fulldyrka eng er rekna til 98 prosent av eit middelsår. Troms og Finnmark fekk om lag 80 prosent, medan dei fleste fylka sønnafjells fekk over middelsårs avling. Kvaliteten av høyavlinga var stort sett betre enn vanleg, men somme stader, særleg i Finnmark, var høykvaliteten mindre god.

Samla avling av jordbruksvokstrane (korn og erter, poteter, rotvokstrar og stråfôr) blei 2 219 mill. fôreiningar i 1965, mot 2 157 mill. i 1964.

Utrekninga av fôreiningar er gjort med faste omrekningstal. Talet på fôreiningar i alt viser difor samla avlingsvolum rekna som dyrefôr, medan det verkelege fôrverdet kan vere mindre eller større, etter kvaliteten av avlingane. Avlinga i 1965 er rekna til 95 prosent av eit middelsår, mot 93 prosent året før. Avlinga frå beite er ikkje med i denne avlingsstatistikken.

Avlinga i eit «middelsår» er i avlingsstatistikken definert som den avlingsmengd ein ventar å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko særleg som skiplar avlingsvonen.

I gjennomsnitt for dei siste 10 åra var avlinga 95 prosent av eit middelsår. Det vil seie at «middelsåret» representerer eit avlingsnivå som ligg 5 prosent høgre enn gjennomsnittet av dei oppnådde avlingane. Avviket frå gjennomsnittet er ikkje det same for alle vokstrane, og er større for åkervokstrane enn for eng. Dei utrekna middelsårsavlingane pr. dekar gir elles eit godt bilete av utviklinga i dyrkingsteknikk m. v. frå år til år, av di middelsåret er lite påverka av dei årlege skifte i vokstertilhøve og avlingsmengd.

b. Hagebruket (Tab. 13—16).

I frukthagene var blomstring og fruktsetjing ujamn, og det blei til dels sein mogning. Samla fruktavling er utrekna til 62 000 tonn i 1965, mot nær 82 000 tonn året før. Pæreavlinga blei noko større enn året før, men det var mindre av andre fruktslag, og særleg var plummeavlinga dårleg. På grunnlag av ei ny teljing av frukttre i hagar med over 50 tre (sjå side 22) er oppgåvene over tala på frukttre noko korrigererte. Ein har rekna med 4,8 mill. frukttre i alt i 1965, mot 5,1 mill. i 1964.

Samla avling av hagebær blei knapt 30 000 tonn, mot vel 30 000 tonn året før.

Samla grønsakavling på friland blei 123 000 tonn, 13 prosent meir enn året før. Tomatar og agurkar under glas gav i alt 12 000 tonn, mot 11 000 tonn i 1964. Samla grønsakavling er utrekna til 97 prosent av eit middelsår i 1965, mot 89 prosent i 1964.

Dei nemnde avlingstala gjeld hovudkulturane. Somme kulturar som persille, salat, spinat, m. v. er ikkje rekna med, og heller ikkje avlinga frå «kjøkkenhagar» med små areal av kvart slag.

III. Husdyrhaldet. (Tab. 17—35)

1. Talet på husdyr. (Tab. 17—24)

Talet på husdyr pr. 20. juni er rekna ut på grunnlag av utvalsteljingar kvart år mellom dei fullstendige jordbruksteljingane. Frå 1959 gjeld tala både bygder og byar.

Hestehaldet har framleis gått tilbake. I 1965 var det 67 000 hestar i alt, eller 13 prosent mindre enn året før. Med det oppalet ein til no har hatt vil nedgangen halde fram enno nokre år. Talet på storfe i alt var om lag 4 prosent mindre enn året før. Talet på kyr i 1965 var 517 000, ein nedgang på 6 prosent frå året før. Samla tal på storfe elles viste liten nedgang, og talet på kviger over 1 år, var større enn året før. Sauehaldet auka med om lag 3 prosent, medan det var litt nedgang i talet på geit. Talet på svin i alt var 6 prosent større enn året før, men talet på alspurker viste noko nedgang.

Talet på høner og hønekylingar var i alt om lag som året før. I 1965 har ein skilt mellom kyllingar under $\frac{1}{2}$ år og unghøner frå $\frac{1}{2}$ —1 år. I 1962—1964 blei kyllingar og unghøner frå heile siste klekkjeperiode oppgjevne under eitt.

På liknande måte som året før blei det henta inn særskilde oppgaver for bruk med over 100 svin og/eller 500 vaksne høner pr. 20. juni 1965. Oppgåvene er jamførde med tilsvarende tal frå 1959. 334 bruk hadde meir enn 100 svin i 1965. Desse bruka hadde 79 400 svin pr. 20. juni, eller 14 prosent av samla svinetal i landet, mot 10 prosent ved slike buskapar i 1959.

579 bruk hadde meir enn 500 vaksne høner i 1965. Desse bruka hadde ca. 700 000 høner (over $\frac{1}{2}$ år) pr. 20. juni, eller 21 prosent av hønetalet i landet, mot 7 prosent ved slike buskapar i 1959.

Talet på dyr i store buskapar har såleis auka meir når det gjeld høner enn svin. Dette heng først og fremst saman med auken i talet på store hønsehald, men det var og litt større auke i middels dyretal pr. buskap for høner enn for svin.

Frå 1953 har det vore årlege husdyrteljingar ved utgangen av året. Desse teljingane omfattar nær 4 prosent av bruka med over 5 dekar jordbruksareal, og ein reknar ut totale dyretal berre for riket under eitt.

Byrået har ikkje årlege pelsdyrteljingar. Den siste fullstendige teljinga var i 1959. Norges Pelsdyrslag reknar ut dyretal på grunnlag av oppgaver over alsdyra og skinnproduksjonen. Desse tala kan ikkje utan vidare jamførast med Byråets teljingar, men tala viser likevel utviklinga i store trekk frå 1959, særleg den store auken i talet på mink.

2. Husdyrprodukta. (Tab. 25—35)

a. Samla produksjon. (Tab. 25).

I samband med utvalsteljinga i 1965 blei det henta inn oppgaver for utrekning av samla husdyrproduksjon i landet. Liknande produksjonsteljingar blei haldne i åra 1928, 1947 og kvart 5. år frå 1950. For tidlegare år er det gjort ymse overslag over produksjonen på grunnlag av dyretalet.

Teljinga i 1965 bygde på dyretalet pr. 20. juni 1964, og galdt kalenderåret 1964. Teljinga synta stor auke frå 1959—60 i mjølkeproduksjonen pr. ku og geit, og auke i samla mjølkeproduksjon. Det var litt auke i eggproduksjonen pr. høne, og i samla eggproduksjon. Den faktiske produksjonen av kjøt og flesk — utrekna som «tilvokster» — auka og noko, men ikkje så mykje som

slaktestatistikken viser, av di det var stor nedgang i buskapan i året 1964. I kapittel VII side 17 er det nærare omtale av resultatata frå teljinga.

Budsjettnemnda for jordbruket reknar årleg ut mengdene av husdyrprodukt på ein noko annan måte. Saman med produksjonsteljingane er også oppgåver over omsetnaden av husdyrprodukt lagde til grunn for utreknin-gane.

Førebels oppgåve for 1965 syner ein produksjon på vel 134 000 tonn kjøt og flesk, mot 132 600 tonn i 1964 og 33 000 tonn egg, mot 32 000 tonn i 1964. Mjølkeproduksjonen gjekk opp frå 1 693 000 tonn i 1964 til 1 703 000 tonn i 1965.

Utanom slakt av dei vanlege husdyra (hest, storfe, sau, geit og svin) rekr-nar Budsjettnemnda med ein produksjon på 3 200 tonn fjørfe-slakt, 1 400 tonn kjøt av tamrein og ca. 250 tonn kaninkjøt. Samla produksjon av kjøt og flesk, medrekna fjørfe, tamrein og kaninar, var såleis utrekna til 135 800 tonn i 1964 og 139 000 førebels for 1965.

Om produksjon av pelsskinn sjå side 13.

b. Meieridrifta. (Tab. 26—28).

Byrået hentar inn fylkesvise oppgåver for kvar månad over innvegen mjølk, produksjon av mjølkeprodukt, lager m. v. ved meieri og mjølkefabrikkar. Statistikken blir innhenta gjennom mjølkesentralane. Rikstala blir gitt ut i Statistisk ukehefte.

Meir detaljerte årsoppgåver over meieridrifta blir innhenta frå kvart ein-skilt meieriføretak. Årsstatistikken blir prenta i eigen publikasjon, Meieri-bruket i Noreg.

Jamført med den utrekna totale produksjon av kumjølk utgjorde meieri-leveringa 85 prosent i 1965, mot 59 prosent i 1949—50 og 82 prosent i 1959—60.

Innvegen mjølkemengd var 1 442 000 tonn i 1965. Dette var 1,7 prosent meir enn året før.

Produksjonen av smør gjekk ned med 3 prosent, medan produksjonen av ost auka med 6 prosent. Sal av mjølk og fløyte utrekna som heilmjølk auka med ca. 2 prosent frå 1964 til 1965.

c. Kjøtkontrollen. (Tab. 29—31).

Oppgåvene frå kontrollveterinærane over offentleg kjøtkontroll blei utvida frå hausten 1959 til å gjelde både tal og vekt på førstegongskontrollerte slakt. Fleire og fleire distrikt har etter kvart kome med i kjøtkontrollen. Særleg auke har det vore etter brigde i loven om slakteri m. v. i 1959.

I 1965 blei det kontrollert 114 000 tonn slakt av dei vanlege husdyrslaga, mot 108 000 tonn året før. Utanom dette blei det kontrollert 2 000 tonn fjørfe-slakt, 1 400 tonn reinslakt (tamrein og villrein), 2 700 tonn kvalkjøt og 100 tonn slakt av andre dyr.

d. Paringsstatistikken for svin. (Tab. 32—33).

Frå 1936 har Byrået gjennom jordstyra henta inn oppgåver over talet på purker som er para. Oppgåvene kan i nokon mon nyttast til å gjere overslag over fleskeproduksjonen året etter. Oppgåvene har vore rekna ut som relative tal i høve til same tid året før for jamførbare distrikt. Frå hausten 1959 er oppgåvene meir fullstendige enn før, og med stønad i rånetalet ved jord-bruksteljinga i 1959 har ein rekna ut totale oppgåver over para purker for

åra 1961—1964. Desse tala syner sesongendringa gjennom året og gjev eit klårare bilete av utviklinga for ei årrekkje enn dei relative tala.

Tala for 1963 og 1964 synte auke i fleskeproduksjonen 1964—1965, medan bedekningane i 1965 tyder på noko nedgang i fleskeproduksjonen i 1966.

e. Pelsskinn. (Tab. 34).

Overslag over samla produksjon av pelsskinn frå pelsdyrgardane blir gjort av Norges Pelsdyrslag på grunnlag av omsetnad m.v. Det meste av produksjonen blir selt til utlandet. Oppgåver frå handelsstatistikken gir difor også eit bilete av produksjonsutviklinga. I 1963—64 blei det eksportert ureidde pelsskinn av rev og mink for i alt 177 mill. kroner.

f. Fjøs kontrollen. (Tab. 35).

I 1965 var det 26 400 bruk med i alt 192 500 årskyr som var med i fjøskonrollen. Vel $\frac{1}{3}$ av kyrne i landet var under kontroll. Mjølkeavdråtten pr. ku ligg høgre i dei kontrollerte buskapane enn gjennomsnittet for landet etter produksjonsteljingane, men avdråttstala kan ikkje samanliknast utan vidare.

IV. Driftsmiddel. (Tab. 36—42)

1. Maskinar og reiskapar. (Tab. 36—39)

Oppgåver over maskinar og reiskapar i jordbruket har ein til vanleg berre ved dei fullstendige jordbruksteljingane. Ved utvalsteljingane i 1962 og 1963 blei det likevel henta inn oppgåver over talet på traktorar, og i 1964 blei det dessutan henta inn fleire oppgåver over jordbruksmaskinar og bruken av dei.

Talet på traktorar i jordbruket auka med over 50 prosent, frå 55 800 i 1959 til 86 500 i 1964. I 1964 var det 17 800 2-hjulstraktorar (10 500 i 1959) og 68 700 4-hjuls og andre traktorar (45 300 i 1959).

Frå juli 1964 til juni 1965 blei det innført vel 10 000 traktorar. Talet på traktorar i jordbruket i 1965 er rekna til om lag 90 000, og av desse var 18 000 2-hjuls. Talet på skurdtreskjarar var 8 200 i 1964. Etter innførsla 1964—65 reknar ein med at talet pr. 20. juni 1965 var om lag 9 000. Oppgåvene over maskinar i 1964 er nærare omtalt i Jordbruksstatistikk 1964.

Mykje av maskinutstyret i jordbruket blir innført frå utlandet, men mykje kjem og frå norsk industri, som dessutan har utførsle av somme av desse produkta. Verdien av slik utførsel var 48 mill. kroner i 1965.

2. Kunstgjødsl og kraftfôr. (Tab. 40—42)

Gjennom oppgåver over omsetnad og lager har ein god kjennskap til forbruket av kunstgjødsl (handelsgjødsl) i landet for ei årrekkje. Etter oppgåver for salssesongen 1964—65 var forbruket 470 000 tonn vare sommaren 1965. Av dette var 282 000 tonn 3-sidige gjødselslag. Varemengdene er rekna om etter innhald av verdistoff (grunnstoffa nitrogen, fosfor og kalium). Samla forbruk i 1965 var 126 500 tonn verdistoff. Mengda har auka frå år til år, særleg for nitrogen. Høgprosentlege og allsidige gjødselslag utgjer ein aukande del av forbruket. Nesten all gjødsla blir nytta i jord- og hagebruk. Berre små mengder har til no vore nytta i skogbruket.

Innførsla av kraftfôr var større i 1965 enn året før, men tilgangen frå norske tilverkarar auka lite. Det var tilført i alt 90 000 tonn kraftfôr meir i 1965 enn året før. Omsetnaden frå grossist auka særleg for kraftfôr utan rabatttilvising. Det var omsett vel 700 000 tonn slikt kraftfôr i 1965, mot 600 000 tonn året før.

V. Arbeidskraft i jordbruket. (Tab. 43)

Frå ymse kjelder ligg det føre statistikk som syner utviklinga i sysselsetjinga i dei ymse næringar. Ei viktig kjelde er folketeljningane, som mellom anna syner talet på personar med hovudyrke i ulike næringar på ein gjeven teljingsdag. For dei seinare åra har Arbeidsdirektoratet gitt månadsoppgåver over sysselsette lønstakarar.

Særskilt for jordbruket er det både i samband med dei fullstendige jordbruksteljingane (frå 1929) og ved utvalsteljingar i somme år, henta inn oppgåver for utrekning av samla arbeidskraft gjennom eit driftsår. I samband med utvalsteljinga i 1962 blei det såleis henta inn oppgåver over arbeidskrafta i driftsåret 1961—62.

Samla arbeidskraft er rekna ut som «årsverk». Ein viser elles til Jordbruksstatistikk 1962, der statistikken er nærare omtala.

VI. Prisar, økonomi m.v. (Tab. 44—64)

1. Prisar på landbruksprodukt og produksjonsmiddel. (Tab. 44—51)

Den 2-årige jordbruksavtalen av 1964 gjeld frå 1. juli 1964 til 30. juni 1966. (Avtalen er nærare omtala i Jordbruksstatistikk 1964). I avtalen blei det fastsett at dersom det i avtaletida var endringar i konsumprisindeksen på minst 5 poeng (i høve til talet 115,6) eller endringar på minst 50 mill. kroner i totale, volumfaste kostnader for jordbruket, skulle dette gi høve til tingingar om endringar i avtalen. Då det var klårt at vilkåra for slike tingingar ville vere til stades etter årsskiftet 1964—65, blei det opna tingingar som førde til semje om ei tilleggsavtale. Etter denne skulle somme prisar og tilskot justerast frå 22. februar 1965, medan dei tillegga som var meint som det andre trinnet (frå 1. juli 1965) i avtalen av 1964 fall bort. Det var rekna med at tilleggsavtalen skulle gi jordbruket ei inntektsauke på 110 mill. kroner årleg.

Det «produksjonsnøytrale» driftstilskotet som blei innført med avtalen av 1964 i staden for det tidlegare driftstilskotet til mjølk, blei utbetalt første gongen sommaren 1965. 119 000 brukarar fekk til saman 111 mill. kroner.

Prisindeksen for jordbruket blir rekna ut ved Norges Landbrukshøgskole og syner prisendringane til produsent for dei viktigaste produkta. For året 1965 var indekstalet 145, mot 135 året før (1952 = 100). Auken var størst for husdyrprodukta, særleg mjølk og kjøt.

Prisane og trygdesatsane for norsk korn blei auka med 3 øre pr. kg for avlingsåret 1965. Etter dei dårlege vertilhøva denne hausten blei vidare det maksimale pristrekket for dårleg kvalitet redusert frå 8 til 6 prosent, og prisen for korn av før-kvalitet blei auka med 2 øre, for bygg såleis til 74 øre pr. kg.

Marknadsprisane på poteter og grønsaker blei hausten 1965 stort sett lågare enn året før. Fleire grønsakslag kom likevel somme tider over den øvre prisgrensa. Dersom dette er tilfelle 2 veker på rad blir importen frigitt, i samsvar med jordbruksavtalen. For eple og pære blei prisgrensene mellom-

bels sett ut av kraft. Nye prisgrenser frå 24. oktober blei sett høgre enn før, som fylgje av dårlege fruktavlingar.

Frå 22. februar 1965 blei maksimalprisane på heilmjølkk til forhandlar auka med 5,2 øre pr. liter, og grunntilskotet til all meierimjølkk auka med 4,8 øre pr. liter (med frådrag av 3,6 mill. kr. for tida 22. februar til 30. juni).

For kjøt, flesk og egg skal jordbruksorganisasjonane syte for at middelprisane for året blir halde på eller under eit nivå som er fastsett i jordbruksavtalen. For avtaleåra 1964—1965 og 1965—1966 blei desse prisane auka noko ved tilleggsavtalen av februar 1965, særleg for storfekjøt. Eggprisane blei ikkje auka ved dette høve, men eit tilskot til kvalitetskontroll blei auka frå 10 øre til 20 øre pr. kg.

Det var mindre innførsle av kjøt og flesk i 1965 enn året før, og netto innførsle av egg var berre 300 tonn, mot om lag 1 000 tonn i 1964. Utførsle av smør gjekk sterkt ned, frå 6 500 tonn i 1964 til 3 900 tonn i 1965, medan utførsle av ost gjekk ned frå 12 300 tonn til 10 400 tonn.

For norsk ull blei prisane til produsent auka med 50 øre pr. kg. frå 22. februar 1965.

Prisane på pelsskinn var noko høgre i salsesongen 1965—66 enn året før, særleg for lyse minktypar og for reveskinn. Trass i stor auke i utbodet av pelsskinn var det avsetnad for heile årsproduksjonen.

For produksjonsmiddel i jordbruket var prisane noko høgre i 1965 enn året før. I prisindeksen for jordbruket gjekk såleis indekstalet for produksjonsmiddel og produksjonstenester opp frå 144 i 1964 til 153 i 1965 (1952 = 100).

2. Rekneskapsresultat i jordbruket. (Tab. 52—53)

Eit oversyn over driftsresultata i jordbruket etter dei rekneskapane som Norges Landbruksøkonomiske Institutt arbeider med, er gitt i tabell 52. I 1964 var produksjonsinntektene 417 kroner pr. dekar, medan kostnadene utanom arbeid og renter var 245 kroner pr. dekar. Produksjonsinntektene auka med 24 kroner frå året før og kostnadene med 10 kroner. Lønsevna, dvs. den samla arbeidsforteneste for familien og leigehjelpa, gjekk opp frå 129 kroner i 1963 til 142 kroner i 1964. Dette svarar til kr. 3,85 pr. time.

Rekneskapsresultata er og utrekna pr. brukseining. Dersom ein tek med inntekt frå skogbruk og anna yrke utanom jordbruket, får ein samla arbeidsvederlag og forrenting. Frå dette går gjeldsrenter og kårtytingar, og ein får att nettoinntekta for familien. Rekna som uvegne gjennomsnitt for dei undersøkte bruka var nettoinntekta 17 353 kroner i 1963 og 19 779 kroner i 1964.

3. Jordbrukets totalrekneskap. (Tab. 54)

I samband med tingingane om jordbruksprisane har Budsjettnemnda for jordbruket gjort utrekningar over samla inntekter og utgifter for heile jordbruksnæringa. Prinsippa for utrekningane er dei same som dei Byrået nyttar når det set opp nasjonalrekneskapen. Totalrekneskapen skal i første rekkje syne kva verdi som er skapt i driftsåret av den arbeidskraft og kapital som er sett inn i jordbruket. Som kostnader reknar ein med verdien av varer og tenester frå andre næringssektorar og slitasje på varige driftsmiddel, som maskinar, reiskapar og driftsbygningar. Den summen som då er att, kallar ein jordbruket sitt nettoprodukt. Som tillegg til nettoproduktet reknar ein visse statstilskot. Etter frådrag av kapitalrenta kjem ein fram til vederlaget for all arbeidskraft som er sett inn i jordbruket.

4. Investeringar, lån, statstilskot. (Tab. 55—58)

I tabellane er det gitt eit oversyn over investeringane i jordbruket dei seinaste åra etter nasjonalrekneskapen. Bruttoinvesteringa omfattar også kapitalslit — vedlikehald og avskrivningar — som er rekna med som årleg kostnad i totalrekneskapen.

Det er gitt oppgåver som syner den delen av utlåna frå bankar og kredittsamskipnader som fell på næringane i jordbruk og skogbruk. Gjelda til private långjevarar og varegjeld til handlande er ikkje med i desse tala.

Gjennom statsbankane gir staten kreditt på rimelege vilkår. Utanom dette gir staten og direkte stønad til investeringar i jordbruket gjennom rentefri-tak og tilskot. Tabellane viser statens utgifter til ymse slike formål og tilskota til prisregulering for jordbruksvarer m.v. over statsrekneskapen og gjennom Prisdirektoratets prisreguleringsfond.

5. Løner i jordbruk og skogbruk. (Tab. 59—60)

Kvart år frå og med driftsåret 1915—16 er det innhenta oppgåver over lønene i jordbruket. Det blir nytta spørjeskjema som i januar blir sende til fire gardbrukarar i kvart herad. For driftsåret 1935—66 kom det inn om lag 700 oppgåver.

Oppgåvene skal gjelde den arbeidsløn som allment blir betalt i kommunen. Det er altså ikkje individuelle lønsoppgåver. Løna blir oppgitt som månadsløn og dagløn på arbeidsgjevars kost eller på eigen kost, og spesifisert på menn og kvinner i ymse slag arbeid. Løn på arbeidsgjevars kost skal gjelde kontantløn, medan løn på eigen kost skal gjelde totalløna (medrekna frie naturalia). Der det er oppgitt timeløn har ein frå 1963—64 rekna om til dagløn etter 7 ½ times gjennomsnittsdag, mot før 8 timar.

Nokre av oppgåvene gjeld dagsforteneste og stykkeløn på akkordarbeid. Vanlege arbeids- og lønstillegg skal vere med i oppgåvene, men ikkje feriegodtgjersle eller ferietillegg. På grunnlag av dei oppgåvene som kjem inn, reknar ein ut lønene som middeltal for riket og fylka. Middeltala dekkjer over store variasjonar i arbeidsløna.

Etter oppgåvene for 1965—66 låg gjennomsnittslønene stort sett 5—10 prosent høgre enn året før. Sett i høve til nivået i 1959 har månadslønene i jordbruket auka med 55—60 prosent, og daglønene med 45—50 prosent. Høgstprisen for tømmer har auka med ca. 35 prosent og for ved med 40—50 prosent.

Ein 2-års tariffavtale mellom Jordbrukets Arbeidsgiverforening og Norsk Skog- og Landarbeiderforbund gjeld frå 1. juli 1964 til 30. juni 1966. Den leiande satsen for gardsarbeidar over 21 år med 4 års praksis, blei sett til kr. 5,85 pr. time med eit innebygd tillegg på 20 øre pr. time frå. 1. april 1965. I samband med oppgjera i andre fag blei dette tillegget auka med 26 øre og gjort gjeldande frå 22. februar 1965. Timelønssatsen blei då kr. 6,31.

For gartneri og hagebruk og for skogbruk er det særskilde avtalar.

6. Prisar på faste eigedomar. (Tab. 61—64)

a. Omsetnad av fast eigedom. (Tab. 61).

Byråets årlege statistikk over omsetnaden av fast eigedom byggjer på tinglysing av heimseloverføringar. I statistikken er ikkje teke med ekspro-

priasjon av grunn til gater og vegar, men elles all omsetnad av byggverk og grunn. Oppgåvene gjeld både fri og tvungen omsetnad, familiesal og heimsoverføring ved arv eller gåve.

Det blei i 1964 tinglyst i alt 56 100 heimsoverføringar til ein salssum av 1 696 mill. kroner. I bygdene blei det omsett 44 600 eigedomar for 1 033 mill. kroner, og i byane 11 500 eigedomar for 663 mill. kroner.

For dei omsette eigedomane i bygdene blir det og gitt oppgåve over matrikkelskylda. I 1964 var matrikkelskylda ved desse eigedomane 19 995 mark, eller vel 4 prosent av samla skyld i landet. Gjennomsnittleg storleik av omsette eigedomar — målt i skyldmark — var 0,48 i 1964.

b. Prisar på eigedomane. (Tab. 62—64).

Særskilt for eigedomar med minst 24 øre i skyld blir det utrekna gjennomsnittsprisar pr. skyldmark.

Gjennomsnittsverdien pr. skyldmark for gardsbruk byggjer i 1964 på i alt 5 311 heimsoverganger. Av eigedomane blei 16 prosent omsett fritt til framande, medan 84 prosent var familiesal. Gjennomsnittleg pris pr. skyldmark for vanlege gardsbruk i fri omsetnad var kr. 26 007 i 1964, mot kr. 24 544 året før. For familiesal var prisen pr. skyldmark kr. 13 163 i 1964 og kr. 12 802 i 1963. Gjennomsnittleg matrikkelskyld på dei gardsbruka som blei selde til slektningar var 3,56 mark i 1964, mot 1,72 mark på eigedomar i fri omsetnad. Fordelt etter matrikkelskylda på eigedomane var skyldmarksverdien størst for dei små gardsbruka.

For andre eigedomar (fjellområde, tomter, skog, hus, og «ikkje vanlege» gardsbruk) med minst 24 øre i skyld, var gjennomsnittleg pris pr. skyldmark kr. 71 848. Skyldmarksverdien for denne gruppa av eigedomar var utrekna til kr. 67 319 i 1963.

VII. Husdyrproduksjonen i 1964. (Tab. 65—89)

1. Samla produksjon. (Tab. 65)

I samband med husdyrteljinga pr. 20. juni 1965 blei det henta inn oppgåver for utrekning av produksjonen av kjøt, fleisk, mjølk, egg og ull i kalenderåret 1964.

Liknande teljingar blei haldne i 1928, 1947 og kvart 5. år frå og med 1950. For tidlegare år er det gjort ymse overslag over produksjonen på grunnlag av husdyrtal og overslag over slaktevektar og avdrått av mjølk og egg pr. dyr.

Tabell 65 gir eit oversyn over resultatata frå produksjonsteljingane, og tidlegare overslag. Det var auke i produksjonen av alle husdyrprodukt frå 1900 til 1939. I krigsåra 1940—45 gjekk produksjonen mykje tilbake, men i 1949—50 var produksjonen stort sett komen opp på førkrigsnivået.

I dei seinare åra har auken halde fram, særleg for kjøt og fleisk, med ein auke på vel 35 prosent frå 1949—50 til 1964. For geitmjølk var auken 28 prosent og for egg 21 prosent. Produksjonen av kumjølk var 4 prosent høgere i 1964 enn i 1949—50.

For dei einiskilde landsluter og bruksklassar har utviklinga vore ulik for dei ymse produkt.

Resultata av teljinga i 1959—60 er nærare omtala i Jordbruksstatistikk

1960. I det fylgjande er resultatata av teljinga i 1965 for det meste jamførte med denne.

Dei årlege oppgåver over husdyrproduksjonen blir rekna ut på grunnlag av salsstatistikken og sume overslag som byggjer på tidlegare produksjonsteljingar. Desse årlege utrekningane viser produksjonen for riket under eitt og til dels med andre «produksjons»-omgrep. (Sjå avsnittet om husdyrproduktta og tab. 25).

Produksjonsteljinga i 1965 skulle såleis gi nytt grunnlag for dei årlege utrekningane og dessutan vise utviklinga i dei einskilde fylka og dei ymse bruksklassar.

Teljing av husdyrproduksjonen på dei einskilde bruka er særskild krevjande både for teljar og oppgåvegjevar. Svarprosenten har heller ikkje alle stader vore så høg som ynskjeleg. Dei tidlegare teljingane galdt produksjonsåret 1. juli—30. juni, eller praktisk talt frå den eine husdyrteljinga til den neste. Teljinga i 1965 galdt kalenderåret 1964, av di det då skulle vere lettare å nytte gardsrekneskap og noteringar ved utfylling av oppgåvene. Det blei og gitt mange bra oppgåver, men det var også ved denne teljinga ein stor del mangelfulle oppgåver som gjorde det naudsynt med suppleringar og korreksjonar, til dels etter skyn. Dette har gjort resultatata usikre på sume punkt, slik at dei må nyttast med varsemd. Ein meiner likevel at teljinga gir mange verdfulle opplysningar. Særleg når det gjeld mjølk og egg er materialet analysert meir enn ved dei tidlegare teljingane.

2. Kjøtt og flesk. (Tab. 66—73)

Utrekninga av produksjonen av kjøtt og flesk byggjer på dyretal og slaktevekt ved dei undersøkte bruka.

Ved teljinga i 1965 blei det gitt oppgåver over tilgang (fødde og kjøpte dyr) og avgang (sjølvdaude o. l., selde som livdyr og slakta) i teljingsåret, og likeeins vekta av slakt til sal og til eige bruk. Dette var stort sett som ved tidlegare teljingar, men ein kunne ikkje som før jamføre tilgang og avgang på dei einskilde bruka med buskapen då teljingsåret tok til og då det slutta. Denne kontrollen fekk ein berre på rikstala for teljingsåret 1964 — gjennom husdyrteljingane pr. 31. desember. Dei avvik som syntte seg mellom produksjonsteljinga og desemberteljingane, blei stort sett korrigererte slik at det var samanheng mellom buskap, tilgang, oppal og avgang. Tala for dei undersøkte bruka blei som før omrekna til totaltal for alle bruk over 5 dekar. Som omrekningsfaktor for kvart dyreslag nytta ein forholdet mellom buskap i alt på alle bruk og buskap i alt på dei undersøkte bruka. Det var gjort tillegg for bruk med inntil 5 dekar med same tal som ved teljinga i 1960.

Tabell 66 gir eit oversyn over tilgang, nettoavgang i alt, og av dette slakt for dei ymse dyreslag.

Oppalet av hest har framleis gått tilbake. Den store avgangen har såleis ført til nedgang i buskapen. Talet på fødte kalvar har og gått ned, og likeeins nettoavgangen av dyr. Men det er teke ut til slakt færre spekalvar og fleire vaksne storfe enn før. Oppal og slakt har auka noko for sau og sers mykje for svin.

Talet på fødte dyr i høve til vaksne var 95,4 kalvar pr. 100 kyr (96 i 1959—60), 123 lam pr. 100 vaksne sauer (115 i 1959—60), 79 kje pr. 100 vaksne geiter (86 i 1959—60) og 12,6 smågrisar pr. purke (11,5 i 1959—60).

Gjennom tilgangen og avgangen i dei ymse aldersgrupper kan ein rekne seg til oppalet frå ei gruppe til neste. Jamført med tidlegare år var det relativt fleire kviger som rykte opp til kyr i 1964.

	Opprykk frå kvige til ku i :			
	1949—50	1954—55	1959—60	1964
Pr. 100 kyr.....	11,3	13,1	16,7	16,8

Ein liknande auke viser også husdyrteljningane. I 1959 var 16,5 prosent av kyrne førstekalvskyr, i 1964 var det 18 prosent.

Tabell 67 gir eit oversyn over middels slaktevekt. For mange av dyra har det vore auke i storleik og vekt på livdyra. Vekta pr. slakt har og auka for sume slag, særleg for kyr.

Tabell 68 viser tilgang og avgang etter dyreslag og aldersgruppe, og tabell 69 viser desse tala rekna om til tonn slaktevekt. Utrekninga i tonn viser ymse omgrep av «produksjon» av kjøt og flesk:

1. «Produksjon i alt (vekst)» er all nettoavgangen, med tillegg for auke i vekta av ståande buskap eller frådrag for nedgang i buskapsvekt i teljingsåret. Dette omgrepet svarar til oppal og vekst i året og rettar seg difor etter talet på veksande ungdyr.

2. Nettoavgangen er alt som er tatt ut av buskapen, med frådrag av innkjøpte dyr. Her er såleis med sjølvdaude, naudslakt og anna, t. d. dyr som er blitt borte i utmarka.

3. Matnyttig slakt er den delen av nettoavgangen som kjem forbruket til gode, som slakt til sal og til eige bruk hos produsentane. Dette kan såleis kallast «produksjon» av slakt, og svarar til produksjonstala i dei årlege utrekningane (sjå tabell 25 og avsnittet om husdyrhaldet).

Tabell 70 viser fylkestal for slakt til sal og eige bruk, og i tabell 72 er tala jamførte med tidlegare teljingar. Ved tidlegare undersøkingar blei det skilt mellom sal og eige bruk både for dyretal og vekt. Då det no ofte er mindre delar av slakta som blir tatt til eige bruk, har ein for 1964 berre fått dette oppgitt som vekt. Dette gav meir nøyaktige oppgåver, og slakt til eige bruk var nesten like stort som i 1959—60, trass i nedgangen i talet på bruk med buskap.

3. Mjøl k. (Tab. 74—84)

Produksjonen av mjøl k er rekna ut på grunnlag av dyretalet og avdråtten på dei undersøkte bruka.

Dyretalet som er lagt til grunn ved utrekning av totaltal, er husdyrtala pr. 20. juni 1964, dvs. midt i produksjonsåret 1964.

Middels avdrått pr. dyr er ved produksjonsteljingane rekna ut etter oppgåver over samla produksjon og middels dyretal i året ved dei undersøkte bruka. Middels dyretal skulle i prinsippet reknast ut på same måten som i fjøskontrollen ved utrekning av «årskyr» og «årsgeiter».

Samla produksjon blei spesifisert på sal og eige bruk på liknande måte som i 1959—60. Som eige forbruk til mat skulle ein ta med det som var levert som del av kåryting, paktingsavgift og arbeidsløn på bruket.

a. K u m j ø l k. (Tab. 74—80).

Av dei brukseiningane som var med i produksjonsteljinga var det om lag 13 700 som hadde ku. Frå om lag 12 500 bruk blei det gitt oppgåver over

mjølkeproduksjonen. Desse bruka hadde i alt 64 600 kyr i 1964. Dette var over 90 prosent av kyrne på dei undersøkte bruka, og utgjorde 11,8 prosent av kyrne i landet (på bruk over 5 dekar). Ved teljinga for 1959—60 var det gitt slike oppgaver for i alt 67 500 kyr, eller 11,4 prosent av kyrne i 1959.

Kyrne utan mjølkeoppgåver for 1964 var for ein stor del i små buskapar og til dels på bruk som slutta med ku frå 1964 til 1965. Det er teke omsyn til dette ved utrekningane.

Totaltal for 1964 er rekna ut på grunnlag av talet på kyr ved dei undersøkte bruka og totaltal for kyr etter husdyrteljinga pr. 20. juni 1964. Der ikkje anna er nemnt er det og gjort tillegg for bruk inntil 5 dekar, med same tal som i 1959—60.

Talet på kyr i alt gjekk ned frå 597 500 i 1959 til 552 200 i 1964, ein nedgang på 7,6 prosent. Talet på «årskyr» i 1964 er rekna ut til 531 600, eller 96,3 pr. 100 kyr. I 1959—60 var det 97,8 årskyr pr. 100 kyr.

Mjølkeavdråtten pr. årsku auka frå 2 681 kg. i 1959—60 til 3 139 kg. i 1964, ein auke på 17 prosent. Tabell 74—75 viser utviklinga i avdrått pr. ku etter produksjonsteljingane og etter eldre oppgaver som er gitt meir etter skyn.

Oppgåvene frå fjøskontrollaga (tabell 35) viser ein liknande auke i avdrått pr. ku over ei årrekkje. Desse avdråttstala gjeld vel $\frac{1}{3}$ av kyrne i landet og kan elles ikkje heilt jamførast med tala frå produksjonsteljingane, der m. a. svinnet på bruket ikkje er teke med.

Alle fylke og bruksklassar har hatt auke i avdrått pr. ku, men i ulik grad (sjå tabell 74).

Samla mjølkeproduksjon (tabell 76) er utrekna til 1 668 000 tonn i 1964, mot 1 575 000 tonn i 1959—60. Samla produksjon gjekk mykje ned i Østfold, Akershus, Vestfold og Agder. Auke i samla produksjon var det særleg i Oppland fylke, over det meste av Vestlandet, i Trøndelag og Nord-Noreg.

Bruk med inntil 50 dekar jordbruksareal hadde mindre mjølkeproduksjon i 1964 enn i 1959—60, men det var stor auke i bruksklassen 50—100 dekar.

Tabell 77—78 viser korleis mjølka fordelte seg på meierileveranse, anna sal, eige forbruk til mat hos produsentane og nytta til fôr. Levert fløyte og smør er då rekna om til heilmjolk. Svinn på bruket er ikkje rekna med. Teljinga viser noko meir mjolk levert til meieri enn det som etter meieristatistikken er innvege av kumjolk (og fløyte) ved meieri og kondenseringsfabrikkar. Skilnaden var om lag 3 prosent (mot 0,5 prosent i 1959—60), og årsaka kan i nokon mon vere at levert gardssmør er ført opp som levert til meieri.

Meierileveringa har auka både absolutt og relativt, og utgjorde 86,4 prosent av produksjonen i 1964, mot 59 prosent i 1949—50 (sjå tabell 77). Auken må ein sjå i samband med at relativt fleire produsentar no leverar til meieri. Mjolk til anna sal, eige forbruk og fôr har minka både absolutt og relativt i høve til samla produksjon. Rekna pr. bruk med ku var mjølkemengda til eige forbruk om lag 950 kg i 1964, mot 1 060 kg i 1959—60. Mjølkemengda til fôr svarta til om lag 125 kg pr. ku i 1964, det same som i 1959—60.

Tabellane 79 og 80 viser talet på bruk (over 5 dekar) med ku etter buskapsstorleik, produksjon pr. ku og samla produksjon. Talet på mjølkeprodusentar gjekk ned frå 148 000 i 1959 til 122 000 i 1964. Middels buskapsstorleik auka frå 4 kyr i 1959 til 4,5 i 1964. Det var stor nedgang i talet på buskapar med 5 eller færre kyr (frå 115 000 til 87 000), medan talet på buskapar med 6 eller fleire kyr auka noko (frå 32 800 til 35 000). Over 70 pro-

sent av buskapane var såleis på 5 eller færre kyr i 1964. Desse hadde 38 prosent av mjølkeproduksjonen og 34 prosent av meierileveringa. Knappt 6 prosent av buskapane i 1964 var på meir enn 10 kyr, og desse hadde 23 prosent av samla mjølkeproduksjon og vel 25 prosent av meierileveringa.

b. Geitmjølk. (Tab. 81—84).

Produksjonen av geitmjølk er rekna ut på liknande måte som for kumjøl. Av brukseiningane som var med i teljingane, var det vel 500 som hadde geit. Frå knapt 400 bruk var det gitt mjølkeoppgåver, og desse bruka hadde knapt 7 000 geiter over 1 år i 1964. Det var om lag 85 prosent av geitene på dei undersøkte bruka og 8,5 prosent av geitene i landet (bruk over 5 dekar). Dette er noko meir enn ved teljinga i 1959—60, men grunnlaget for produksjonsberekninga for geitmjølk er likevel svakt, jamført med tala for kumjøl.

Talet på vaksne geiter gjekk opp frå 75 700 i 1959 til 82 400 i 1964. Talet på årsgeiter i 1964 er rekna ut til 76 600, eller 92,5 pr. 100 geiter. I 1959—60 var det 95,5 årsgeiter pr. 100.

Mjølkeavdråtten pr. årsgeit auka frå 300 kg i 1959—60 til 352 kg i 1964, ein auke på over 17 prosent (sjå tabell 81). Det var auke i alle landsluter og storleiksklasser.

Samla produksjon av geitmjølk (tabell 82) auka frå 21 800 tonn i 1959—60 til 27 000 tonn i 1964. Auken var særleg stor i Nord-Noreg der det var auke både i dyretal og i mjølkemengd pr. dyr.

Av produksjonen i 1964 blei 93 prosent levert til meieri (92 prosent i 1959—60). Som nemnt før er utrekningane usikre når det gjeld geitmjølk av di materialet er lite. Teljingane både for 1959—60 og for 1964 viser såleis noko større meierilevering av geitmjølk enn meieria har tatt imot etter meieristatistikken. Skilnaden var 7 prosent i 1959—60 og 10 prosent i 1964. Som nemnt under kumjøl kan noko av skilnaden kome frå mjølkeprodukt som skulle ha vore ført under anna sal, men ein må og rekne samla produksjon som noko usikker.

Talet på bruk (over 5 dekar) med geit gjekk ned frå 6 900 i 1959 til 5 300 i 1964. Middels buskapsstorleik har såleis auka sterkt. Om lag halvparten av buskapane var på inntil 10 vaksne geiter i 1964. Desse bruka hadde om lag 20 prosent av mjølkeproduksjonen og meierileveringa.

4. Egg. (Tab. 85—89)

Om lag 7 700 av bruka som var med i produksjonsteljinga hadde høns i 1964. Det blei gitt oppgåver over eggproduksjonen på om lag 5 200 bruk, og desse bruka hadde 410 000 høner og hønekyllingar pr. 20. juni. Dette var nær 82 prosent av hønsene på dei undersøkte bruka og 10,4 prosent av hønsehaldet i landet (bruk over 5 dekar). I 1959—60 var det produksjonsoppgåver for vel 12 prosent av hønsene.

Talet på høner og hønekyllingar gjekk ned frå 5,3 millionar i 1959 til 4,6 millionar i 1964. Det var sær mange kyllingar i 1959. Det var 3 mill. vaksne høner i 1959 og om lag like mange i 1964, med 2,5 mill. høner over 1 år og 0,5 mill. unghøner over ½ år. Sesongvariasjonen i dyretalet og forskyvingar i klekkjetida gjer at talet på høner pr. 20. juni er usikkert som grunnlag for utrekning av produksjonen. Dei fleste av hønekyllingane pr. 20. juni kjem såleis i verping i siste halvåret. Tillegget for bruk med inntil 5 dekar jordbruksareal — med same tal som i 1959 — er truleg og meir usikkert for høns og eggproduksjon enn for andre dyreslag og produkt.

Utrekna som årshøner var dyretalet 3,6 mill. i 1959—60 og 3,5 mill. i 1964. 100 høner pr. 20. juni svara til 118 årshøner i teljingsåret 1959—60, og talet var om lag det same i 1964.

Produksjonen auka frå 8,98 kg egg pr. årshøne i 1959—60 til 9,16 kg i 1964. I dei fleste fylke og alle bruksklassar var det noko auke i produksjonen pr. høne.

Samla produksjon av egg er rekna ut til 32 200 tonn i 1964, mot 32 500 tonn i 1959—60. Sume fylke hadde auke i samla produksjon og sume nedgang. Endringane var for det meste små og kan i nokon mon vere tilfeldige. Produksjonen var noko mindre enn i 1959—60 ved bruk med inntil 100 dekar og noko større ved bruk med over 100 dekar.

Talet på bruk (over 5 dekar) med høns gjekk ned frå 85 600 i 1959 til 65 900 i 1964. Bruk og produksjon er delt etter buskapsstorleik. Inndelinga er gjort på grunnlag av talet på høner og hønekyllingar og kan såleis ikkje jamførast med inndelinga i 1959. Over 50 000 bruk, eller 77 prosent av bruka med høns, hadde inntil 50 dyr. Om lag $\frac{1}{3}$ av produksjonen på desse bruka gjekk til eige forbruk. Storparten av produksjonen til sal (rugeegg er rekna med her) kom frå dei vel 15 000 bruk med meir enn 50 dyr. Om lag 900 bruk hadde meir enn 500 høner og hønekyllingar. I 1959 var det vel 200 bruk med over 500 vaksne høns.

Eggmengda til eige forbruk svara til om lag 50 kg pr. bruk med høns i 1964, det same som ved teljinga 1959—60.

5. ULL. (Tab. 90—91)

Vel 9 000 av dei undersøkte bruka hadde sau i 1964, og det var gitt oppgåve over ullproduksjonen på 6 700 bruk. Desse hadde nær 177 000 sauer og lam pr. 20. juni, eller om lag 83 prosent av sauehaldet på dei undersøkte bruka og 9,4 prosent av sauehaldet i landet (bruk over 5 dekar).

Sauehaldet auka med vel 7 prosent frå 1959 til 1964. Dei oppgitte ullmengdene svara til 2,04 kg pr. dyr (sau og lam under eitt pr. 20. juni) i 1964, mot 1,85 kg i 1959—60. Samla ullproduksjon skulle etter dette vere om lag 3 300 tonn i 1959—60 og om lag 4 000 tonn i 1964. Etter oppgåver til totalrekneskapen for jordbruket var det kjøpt 4 645 tonn norsk ull i 1960 og 4 771 tonn i 1964. Tala har veksla noko frå år til år, mellom 4 071 og 4 827, med 4 560 tonn som gjennomsnitt for dei siste 5 åra. Det er såleis ikkje samsvar mellom resultatata frå produksjonsteljingane og innkjøpsoppgåvene. Då det er så dårleg samsvar mellom desse oppgåvene, er samla ullproduksjon i tabellane berre gitt opp som relative tal, medan tabellane elles viser talet på bruk og dyr og ullmengd pr. dyr i bruksklassar og etter buskapsstorleik. Dyretalet er også delt etter den oppgjevne ullmengd pr. vaksen sau.

VIII. FRUKTTRETELJING 1965. (Tab. 92—99)

Frå alle dei fullstendige jordbruksteljingane har ein oppgåver over talet på frukttre. Den første av desse var i 1907. Også for 1900 har ein oppgåver over tretalet.

Desse oppgåvene gir ingen spesifikasjon på fruktsortane, berre på artene. Ei spesiell frukttreljing for hagar med over 50 tre blei difor gjennomført hausten 1955. 60 kommunar med mykje frukt dyrking for sal var med i teljinga. Resultata finn ein i Jordbruksstatistikk 1955.

Ved den fullstendige jordbruksteljinga i 1959 fekk ein, forutan dei vanlege oppgåvene over frukttretalet, særskilde oppgaver frå bruk med over 50 tre. Dette var ei vidareføring av 1955-teljinga, men i 1959 galdt teljinga alle bruk med over 50 tre. Resultata frå 1959-teljinga finn ein i publikasjonane frå Jordbruksteljinga 1959.

Hausten 1965 blei det gjennomført ei ny spesialteljing for frukt dyrkinga ved bruk med over 50 tre. Teljinga blei lagt opp i samråd med Norsk Frukt- dyrkarlag, Landbruksdepartementet og andre interesserte institusjonar.

Teljinga skulle gjelde salsfrukt dyrkinga. Som avgrensing for ei slik spesiell teljing var det praktisk å nytte tretalet. Grensa på 50 tre blei brukt i 1959, og den synte seg å vere eit godt mål. Ved teljinga i 1959 fekk ein oppgaver frå 9 330 bruk med over 50 tre, medan 10 300 gav opp at dei hadde regulært sal av frukt.

Dei 9 330 bruka som hadde over 50 tre i 1959, fordelte seg på 410 kommunar. Mange av desse hadde berre nokre få bruk med over 50 tre. I 167 kommunar, som kvar hadde over 1 000 tre i så store frukthagar, fann ein heile 94 prosent av bruka med over 50 tre og 97 prosent av frukttrea. Det blei difor bestemt at det skulle teljast i desse kommunane i 1965.

Som fylgje av kommunesamanslåingar var dei 167 kommunane i 1959 blitt til 129 kommunar i 1965. Teljinga i 1965 galdt såleis 129 kommunar.

Jordstyra stod for gjennomføringa av teljinga i dei einskilte kommunar. For kvar kommune sette Byrået opp lister over dei bruka som hadde meir enn 50 tre i 1959. Jordstyret skulle undersøkje om dei bruka som stod på lista framleis hadde over 50 tre i 1965. Dersom dei hadde det, skulle dei vere med i teljinga. Jordstyret skulle dessutan sørgje for å få med også andre bruk som hadde over 50 tre i 1965. På dei bruka som kom med i teljinga, skulle alle frukttrea takast med, men ikkje slike som enno stod i plante-skule.

Teljinga gjekk for seg i tidsrommet 15. august—15. september 1965. Dei siste oppgåvene kom inn til Byrået i slutten av november.

Ved utrekninga av totaltal for riket og fylka blei det gjort tillegg for dei kommunar som ikkje var med i teljinga. Ein rekna då med same endringsprosent for dei kommunane som ikkje var med som for dei kommunane der det blei talt.

1. Brukstal og hagestorleik.

Talet på bruk med over 50 frukttre gjekk ned frå 9 330 i 1959 til 6 567 i 1965, ein nedgang på 30 prosent. Det var nedgang i brukstalet i alle fylka, men langt mindre i Hordaland og Sogn og Fjordane enn elles i landet.

Bruka blei fordelte på 5 storleiksgrupper etter hagestorleik: 51—100 tre, 101—200 tre, 201—500 tre, 501—1 000 tre og meir enn 1 000 tre.

Nedgangen var størst, 34 prosent, for bruk med 101—500 tre. Storleiksgruppa 51—100 tre gjekk tilbake med 28 prosent og gruppa 501—1 000 tre med 14 prosent. For bruk med over 1 000 tre var det ein liten auke, frå 170 bruk i 1959 til 175 i 1965.

Det var store forskyvingar mellom storleiksgruppene i tidsrommet 1959—1965. Det var særleg mange hagar som var i ei lægre gruppe i 1965 enn i 1959, medan det var færre som hadde gått over i høgre grupper. Tredjeparten av bruka med over 50 tre i 1959 fall bort i 1965 fordi dei ikkje lenger hadde over 50 tre. Dei nye bruka som kom til, utgjorde berre tiandeparten av dei som blei borte. 2 867 av dei bruka som var med i 1959, hadde ikkje over

50 tre i 1965. Dei fleste av desse, om lag 2 000, hadde 51—100 tre i 1959. Det var berre 272 nye bruk med over 50 tre i 1965. Over halvparten av dei var i Sogn og Fjordane.

I 1965 var 46,3 prosent av hagane med over 50 tre i gruppa 51—100 tre mot 45,3 prosent i 1959. 45,2 prosent hadde 101—500 tre (48,1 prosent i 1959), og 8,5 prosent hadde over 500 tre (6,6 prosent i 1959).

Den gjennomsnittlege hagestorleiken for bruk med over 50 tre auka frå 198 tre pr. bruk i 1959 til 222 tre i 1965. Av fylka hadde Buskerud og Vestfold størst auke.

2. Talet på frukttre.

For heile landet var det i alt 1 455 000 frukttre på bruk med over 50 tre i 1965, mot 1 846 000 i 1959. Det var ein nedgang på 21 prosent.

I Hordaland og Sogn og Fjordane var nedgangen berre 2 prosent. Elles var det ikkje noko fylke som hadde under 19 prosent nedgang. Nedgangen var relativt størst i Østfold og Oppland, med 47 prosent.

Av kommunane var det Ullensvang i Hordaland som hadde flest frukttre, 216 000. Deretter fylgde Lier i Buskerud med 107 000 og Ringerike i Buskerud med 70 000.

Av dei 1,46 mill. frukttrea var 955 000 epletre (66 prosent), 206 000 pæretre (14 prosent), 229 000 plommetre (16 prosent), 43 000 søtkirsebærtre (3 prosent) og 22 000 surkirsebærtre (1,5 prosent).

Det var størst nedgang i tretalet for plommer, med 29 prosent. I Aust-Agder var tretalet redusert til under det halve sidan 1959, og det var bortimot 50 prosent nedgang i Østfold. I Sogn og Fjordane var talet på plommetre 2 prosent større enn i 1959. Det var nedgang i alle dei andre fylka.

Talet på surkirsebærtre var 23 prosent mindre enn i 1959 og for søtkirsebær var det 11 prosent nedgang.

Det var 22 prosent nedgang i talet på epletre. Særleg stor, bortimot 50 prosent, var nedgangen i Østfold, Oppland og Rogaland. Ikkje noko fylke hadde auke, men tretalet var om lag uendra sidan 1959 i Hordaland, og i Sogn og Fjordane var nedgangen berre 8 prosent.

Talet på pæretre var berre 5 prosent mindre enn i 1959. Det er Hordaland og Sogn og Fjordane som har storparten av pæretrea, og der var det auke sidan 1959. I Sogn og Fjordane var det 16 prosent auke og i Hordaland 8 prosent. I dei fleste andre fylka var nedgangen relativt stor. Det var over 50 prosent nedgang i Østfold og Hedmark, og i fleire fylke var nedgangen 30—40 prosent.

Tabell 96 viser korleis frukttrea fordelte seg på arter innan dei ymse storleiksgrupper. Dei store hagane skil seg ut med mykje epledyrking, medan det var dei minste hagane som hadde relativt mest plommetre.

Epletrea dominerte i alle fylke, unntatte Rogaland. I Hedmark, Oppland og Telemark utgjorde epletrea nesten 90 prosent av frukttrea. Også i dei andre fylka på Austlandet var meir enn tre fjerdepartar av trea epletre.

I Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane utgjorde pæretrea mellom ein femtepart og ein fjerdepart av alle frukttrea, medan det i dei fleste fylka elles var mindre enn 10 prosent (i Hedmark og Oppland under 1 prosent).

Halvparten av frukttrea i Rogaland var plommetre. I Hordaland, Møre og Romsdal og Trøndelag utgjorde plommene om lag femteparten av alle frukttrea. I Hedmark, Oppland, Vestfold og Telemark utgjorde dei mindre enn 10 prosent av trea.

Talet på kirsebærtre (søt- og surkirsebærtre) var lite i alle fylka. Relativt mest var det i Hordaland der dei utgjorde 10 prosent av alle frukttrea. Dette fylket åleine hadde over halvparten av alle kirsebærtrea i hagar med over 50 frukttre.

3. Sortsfordelinga.

Ved alle spesialteljingane har ein fått tretalet oppgitt for ei rekkje namngitte sortar, medan andre mindre vanlege sortar er slått saman i samlegrupper. Ved 1965-teljninga var sortslista litt meir detaljert enn tidlegare. Eplesortane Raud Gravenstein og Lobo, pæresorten Clara Frijs og plommesorten Opal blei spesifiserte i 1965.

Gravenstein var den vanlegaste og talrikaste eplesorten, med 223 000 tre (av dette 62 000 Raud Gravenstein). Det var ein nedgang i tretalet på 22 prosent sidan 1959. Det blei dyrka vanleg Gravenstein på 4 200 bruk og Raud Gravenstein på 1 800 bruk.

Etter Gravenstein fylgde Torstein med 121 000 tre, fordelte på 4 000 dyrkarar. Det var ein nedgang i tretalet på 5 prosent.

Rekna etter talet på tre, fylgde så Ingrid Marie med 78 000, fordelte på 2 100 dyrkarar, og med 50 prosent auke frå 1959. Av dei spesifiserte eplesortane var det elles berre Prinsar som hadde fleire tre i 1965 enn i 1959.

Eplesorten Lobo, som ikkje var spesifisert ved tidlegare teljingar, hadde 34 000 tre i 1965, fordelte på 400 hagar.

Av pæresortane var det Moltke som var den talrikaste, med 95 000 tre i 4 400 hagar. Dette var 4 prosent mindre enn i 1959. Av dei spesifiserte sortane fylgde så Philip med 23 000 tre, ein nedgang på 31 prosent, og Keiserinne med 22 000 tre, ein auke på 6 prosent sidan 1959.

Victoria var den talrikaste av dei spesifiserte plommesortane, med 57 000 tre. Det var 31 prosent nedgang frå 1959.

4. Planteperiodar.

Som ved teljingane i 1955 og 1959 blei trea delte i grupper etter plantetid og spesifiserte på fruktsortar også i 1965.

Av alle trea i 1965 var 23 prosent planta før 1940, 39 prosent i perioden 1940—1955, 17 prosent i 1956—1959 og 21 prosent etter 1959.

Av dei einskilde artar hadde pærene relativt flest tre i den eldste aldersgruppa, medan det var relativt mest nyplanting (etter 1959) for kirsebær og sommareple.

Av dei epletrea som var planta etter 1959 var 20 prosent Gravenstein ($\frac{3}{4}$ av dette var Raud Gravenstein), 19 prosent Ingrid Marie og 14 prosent Lobo. Av pæretrea planta i denne perioden var 37 prosent Moltke, og av plomme-trea var 23 prosent Victoria.

Det var mest nyplanting i dei store hagane. På bruk med over 1 000 tre var 36 prosent av trea planta etter 1959, på bruk med 51—100 tre berre 7 prosent.

5. Tilplanta areal.

Ved teljinga i 1965, som ved tidlegare teljingar, fekk ein oppgåver over samla areal tilplanta med frukttre.

Dette arealet utgjorde i 1965 57 000 dekar på bruk med over 50 tre. I gjennomsnitt svara dette til 26 frukttre pr. dekar, mot 27 i 1959.

For bruka med 51—100 tre var gjennomsnittet 20. Det auka med aukande bruksstorleik, til 44 for bruk med meir enn 1 000 tre. I Hordaland og Sogn og Fjordane var det om lag 20 tre i gjennomsnitt pr. dekar, i austlandsfylka mellom 30 og 40.

I publikasjonen Frukttreljing 1965 (NOS A 140) finn ein oppgaver for dei einskilde kommunar som var med i teljinga.

English summary

According to the 1965 sample survey of agriculture the total area under grain decreased by 1 per cent compared to the previous year. The potato area also decreased, whereas the area of vegetables increased. In 1965 the total crop yield amounted to 95 per cent of a mean annual yield (1964: 93 per cent.) The vegetable crop also increased, while the fruit production decreased.

The decline in the number of horses continued. There was also a decrease in the number of cattle, but an increase in the number of sheep and pigs.

A sample survey of livestock production in 1964 was carried out in 1965. The total meat production in 1964 including meat on the hoof, increased by 8 per cent compared to 1959—60. The annual milk yield was 3 139 kg per cow and 352 kg per goat. The egg production in 1964 amounted to 9,16 kg per laying hen. Preliminary figures for 1965 show an increase in the production of most livestock products.

A census of fruit trees in 1965, covering holdings with more than 50 fruit trees, showed a total of 6 567 such holdings and 1 455 000 trees, compared to 9 330 holdings and 1 846 000 trees in 1959.

Tabellar

Tabell 1. Landarealet i dei einiskilde fylke.
Land area by county.

Fylke <i>County</i>	Samla landareal Km ² <i>Total land area km²</i>	Prosent <i>Percentages</i>					
		I alt <i>Total</i>	Fulldyrka jord ¹ <i>Cultivated land</i>	Natureng og over- flatedyrka jord ¹ <i>Permanent grassland</i>	Produktiv skog ² <i>Productive forests</i>	Anna areal <i>Other land</i>	
						Under skoggrensa <i>Below the timber-line</i>	Over skoggrensa <i>Above the timber-line</i>
Østfold	3 884	100	19,4	1,0	51,0	28,6	—
Akershus og Oslo . .	5 024	100	16,2	1,3	59,3	23,2	—
Hedmark	26 283	100	3,4	0,6	47,8	18,6	29,6
Oppland	24 117	100	2,9	0,8	26,1	18,1	52,1
Buskerud	13 805	100	3,2	0,6	35,9	17,6	42,7
Vestfold	2 262	100	20,1	1,1	53,4	25,4	—
Telemark	14 191	100	1,9	0,4	30,4	30,6	36,7
Aust-Agder	8 613	100	1,7	0,2	35,2	28,5	34,4
Vest-Agder	6 825	100	2,8	0,5	25,6	33,8	37,3
Rogaland	8 530	100	5,3	2,2	7,2	58,6	26,7
Hordaland og Bergen	14 918	100	2,3	1,4	10,5	39,9	45,9
Sogn og Fjordane . .	17 802	100	1,6	1,2	9,7	35,6	51,9
Møre og Romsdal . .	14 682	100	3,0	1,2	12,7	41,1	42,0
Sor-Trøndelag	17 930	100	3,5	0,5	22,0	29,5	44,5
Nord-Trøndelag . . .	21 056	100	3,2	0,3	28,3	23,1	45,1
Nordland	36 286	100	1,4	0,5	13,3	15,5	69,3
Troms	25 660	100	1,2	0,4	13,6	22,8	62,0
Finnmark	46 537	100	0,2	0,1	15,4	14,8	69,5
I alt	308 405	100	2,7	0,6	22,8	24,5	49,4

¹ Jordbruksteljinga 1959. *Census of Agriculture 1959.* ² Skogbruksteljinga 1957. *Census of Forestry 1957.*

Tabell 2. Jordbruksarealet etter bruken. 1 000 dekar.
Agricultural area by use. 1 000 decares.

År <i>Year</i>	Korn og erter <i>Grains and dry peas</i>	Gron- fôr <i>Grains, cut green for feed</i>	Poteter <i>Potatoes</i>	Rot- vokst- rar <i>Fodder roots</i>	Gron- saker <i>Vege- tables</i>	Annan åker og hage <i>Other</i>	Åker og hage i alt <i>Total</i>	Eng til slått <i>Meadows for mowing</i>	Kultur- beite <i>Pastures</i>
1959	2 182	114	553	152	55	423	3 479	5 067	1 562
1960	2 230	97	568	161	52	401	3 509	5 059	1 567
1961	2 283	91	533	159	55	375	3 496	5 015	1 527
1962	2 296	109	504	160	54	408	3 531	4 851	1 544
1963	2 324	98	516	147	64	422	3 571	4 870	1 535
1964	2 428	108	490	150	58	418	3 652	4 672	1 566
1965	2 403	116	483	133	60	427	3 622	4 632	1 521

Tabell 3. Arealet av dei ymse jordbruksvokstrar.
Area of different crops.

	Arealet i dekar <i>Area in decares</i>			Endring i prosent <i>Percentage change</i>	
	1959	1964	1965	1959—1965	1964—1965
Kveite <i>Wheat</i>	92 555	72 270	42 430	— 54,2	— 41,3
Rug <i>Rye</i>	10 831	7 145	6 377	— 41,1	— 10,7
Bygg <i>Barley</i>	1 409 303	1 817 259	1 889 979	+ 34,1	+ 4,0
Havre <i>Oats</i>	647 043	521 404	455 704	— 29,6	— 12,6
Blandkorn <i>Mixed grains</i>	20 263	9 492	8 418	— 61,6	— 11,3
Erter <i>Dry peas</i>	1 685				
Korn og erter i alt <i>Total grains and dry peas</i>	2 181 680	2 427 570	2 402 908	+ 10,1	— 1,0
Oljevokstrar til mogning <i>Rapeseed</i>	34 811	47 881	..	+ 37,5
Grønfor <i>Grains cut green for feed</i>	114 109	108 038	115 787	+ 1,5	+ 7,2
Poteter <i>Potatoes</i>	552 478	489 808	482 886	— 12,6	— 1,4
Førnepe <i>Fodder turnips</i>	35 382	38 735	34 387	— 2,8	— 11,2
Kålrot <i>Kohlrabi</i>	81 514	74 830	69 246	— 15,1	— 7,5
Førbete <i>Fodder beats</i>	13 799	7 880	4 950	— 64,1	— 37,2
Førmergkål <i>Fodder kale</i>	21 114	29 042	24 712	+ 17,0	— 14,9
Rotvokstrar og førmergkål i alt <i>Total fodder roots and kale</i>	151 809	150 487	133 295	— 12,2	— 11,4
Gronsaker <i>Vegetables</i>	54 485	58 096	60 022	+ 10,2	+ 3,3
Jordbær <i>Strawberries</i>	8 706	289 572	280 111	— 14,9	— 3,3
Bringebær <i>Raspberries</i>	4 392				
Andre vokstrar på åker og i hage <i>Other</i>	316 091	93 831	99 524	+ 4,7	+ 6,1
Brakk <i>Fallow land</i>	95 023				
Åker- og hageareal i alt <i>Total</i>	3 478 773	3 652 213	3 622 414	+ 4,1	— 0,8
Eng til slått : <i>Meadows for mowing:</i>					
Fulldyrka <i>Cultivated</i>	4 303 025	4 182 688	4 165 929	— 3,2	— 0,4
Natureng og overflatedyrka <i>Perma-</i>					
<i>nent grassland</i>	763 496	488 945	465 690	— 39,0	— 4,8
Kulturbeite : <i>Pastures:</i>					
Fulldyrka <i>Cultivated</i>	560 786	580 893	586 602	+ 4,6	+ 1,0
Natureng og overflatedyrka <i>Perma-</i>					
<i>nent grassland</i>	1 001 119	985 572	934 682	— 6,6	— 5,2
Eng ikkje nytta : <i>Meadows unused:</i>					
Fulldyrka <i>Cultivated</i>	50 753	69 211	89 873	+ 77,1	+ 29,9
Natureng og overflatedyrka <i>Perma-</i>					
<i>nent grassland</i>	143 709	206 093	213 263	+ 48,4	+ 3,5
Jordbruksareal i alt <i>Total agricultural area</i>	10 301 661	10 165 615	10 078 453	— 2,2	— 0,9
Av dette fulldyrka <i>Of which cultivated land</i>	8 393 337	8 485 005	8 464 818	+ 0,9	— 0,2

**Tabell 4. Jordbruksarealet i dei
Agricultural area¹ by**

	I alt	Østfold	Akershus og Oslo	Hed- mark	Opp- land	Buske- rud ²	Vest- fold ²	Tele- mark
Areal i dekar :								
Kveite	42 430	5 727	4 583	7 834	2 463	2 287	1 236	1 055
Rug	6 377	1 811	505	633	1 403	305	791	—
Bygg	1 889 979	313 409	259 842	298 047	225 581	143 465	189 177	39 286
Havre	455 704	71 279	111 984	109 534	15 059	33 697	40 568	13 637
Blandkorn og erter	8 418	2 750	1 264	860	1 529	802	840	—
Korn og erter i alt	2 402 908	394 976	378 178	416 908	246 035	180 556	232 612	53 978
Oljevokstrar til mogning ..	47 881	5 866	5 864	9 663	2 263	10 665	10 900	1 475
Grønfor	115 787	1 739	3 871	15 343	18 671	4 732	1 347	3 149
Poteter	482 886	30 602	29 663	62 902	57 438	17 922	32 540	15 827
Fôrnepe	34 387	624	514	3 383	2 377	488	568	501
Kålrot	69 246	10 352	11 161	8 142	3 373	4 890	7 452	2 818
Fôrbete	4 950	174	276	249	40	320	206	171
Fôrmergkål	24 712	2 194	3 850	2 167	1 480	1 118	1 175	437
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt	133 295	13 344	15 801	13 941	7 270	6 816	9 401	3 927
Gronsaker	60 022	6 276	4 188	5 429	2 499	7 518	8 966	2 723
Andre vokstrar på åker og i hage	280 111	22 191	52 791	16 951	14 063	25 204	24 645	16 785
Brakk	99 524	16 016	14 356	18 428	6 168	8 053	11 688	5 456
Åker- og hage i alt	3 622 414	491 010	504 712	559 565	354 407	261 466	332 099	103 320
Eng til slått :								
Fulldyrka	4 165 929	168 640	192 166	320 091	368 562	156 635	69 608	128 866
Natureng og overfl.dyrka	465 690	4 727	5 077	16 728	39 256	24 771	2 801	17 184
Kultarbeite :								
Fulldyrka	586 602	63 336	70 497	32 180	24 565	28 589	30 224	13 755
Natureng og overfl.dyrka	934 682	21 198	40 808	64 803	82 985	33 897	10 239	29 253
Eng ikkje nytta :								
Fulldyrka	89 873	7 057	9 174	4 132	5 747	6 838	6 092	10 818
Natureng og overfl.dyrka	213 263	5 107	20 986	22 392	23 687	9 018	3 829	4 878
Jordbruksareal i alt	10078453	761 075	843 420	1 019 891	899 209	521 214	454 892	308 074
Fulldyrka jord i alt	8 464 818	730 043	776 549	915 968	753 281	453 528	438 023	256 759
Prosent :								
Korn og erter	23,8	51,9	44,8	40,9	27,4	34,6	51,1	17,5
Poteter	4,8	4,0	3,5	6,2	6,4	3,4	7,2	5,2
Rotvokstrar og fôrmergkål.	1,3	1,8	1,9	1,4	0,8	1,3	2,1	1,2
Annan åker og hage	6,0	6,8	9,6	6,4	4,8	10,8	12,7	9,6
Åker og hage i alt	35,9	64,5	59,8	54,9	39,4	50,1	73,1	33,5
Eng til slått	46,0	22,8	23,4	33,0	45,4	34,8	15,9	47,4
Kultarbeite	15,1	11,1	13,2	9,5	12,0	12,0	8,9	14,0
Eng ikkje nytta	3,0	1,6	3,6	2,6	3,2	3,1	2,1	5,1
Jordbruksareal i alt	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

¹ Translation, see table 3. ² Tidlegare Skoger kommune er rekna med i Buskerud.

Tabell 5. Åker- og hageareal i dei einskilde fylke. 1965 i prosent av 1959 og 1964.
Arable and horticultural land by county. 1965 as percentage of 1959 and 1964.

Fylke <i>County</i>	Åker og hage i alt <i>Total</i>	Korn og erter <i>Grains and dry peas</i>	Poteter <i>Potatoes</i>	Rotvokstrar <i>Fodder roots</i>	Annar åker og hage <i>Other</i>
a) 1959 = 100					
Østfold	112,0	116,1	86,5	86,6	109,4
Akershus og Oslo	104,8	108,3	74,8	104,7	104,0
Hedmark	110,3	113,8	92,9	81,2	117,9
Oppland	100,1	101,8	95,2	81,8	101,2
Buskerud	102,2	104,9	82,0	89,1	103,6
Vestfold	117,1	119,6	91,8	82,3	136,4
Telemark	95,5	100,2	88,7	88,3	92,3
Aust-Agder.....	96,0	91,3	96,7	83,6	101,1
Vest-Agder	85,5	71,4	88,3	73,9	95,9
Rogaland	85,7	83,2	84,4	77,1	99,3
Hordaland og Bergen .	83,5	48,5	74,1	102,1	90,4
Sogn og Fjordane	85,7	110,7	88,0	69,2	83,9
Møre og Romsdal	89,8	92,0	82,5	69,9	100,1
Sør-Trøndelag	105,7	111,5	92,8	101,6	94,0
Nord-Trøndelag	112,0	119,8	86,4	106,9	105,0
Nordland	92,8	103,5	88,9	182,4	90,4
Troms	64,2	19,3	82,6	116,5	40,9
Finmark	36,9	—	90,5	85,0	22,8
I alt <i>Total</i>	104,1	110,1	87,4	87,8	101,8
b) 1964 = 100					
Østfold	100,0	99,4	102,8	87,7	107,1
Akershus og Oslo	100,2	99,4	97,3	97,3	105,6
Hedmark	100,3	99,8	102,6	82,7	106,2
Oppland	97,3	96,7	97,8	82,3	102,6
Buskerud	100,5	101,6	94,7	89,1	100,7
Vestfold	102,4	100,5	98,9	93,0	115,2
Telemark	92,8	86,6	99,1	98,7	101,5
Aust-Agder.....	100,3	109,7	100,9	89,6	95,7
Vest-Agder	97,2	88,6	99,7	91,2	101,7
Rogaland	93,9	89,6	100,0	90,3	97,3
Hordaland og Bergen .	99,7	87,4	91,9	99,0	104,8
Sogn og Fjordane	95,0	86,0	97,7	75,3	96,9
Møre og Romsdal	95,0	94,3	94,8	71,9	101,5
Sør-Trøndelag	100,0	101,0	98,3	87,5	102,2
Nord-Trøndelag	100,8	101,2	98,2	90,8	110,1
Nordland	92,3	78,0	99,0	91,0	91,2
Troms	83,4	140,6	94,1	65,3	65,3
Finmark	100,3	—	90,5	37,4	118,0
I alt <i>Total</i>	99,2	99,0	98,6	88,6	103,2

Tabell 6. Nydyrking og grøfting med statstilskot. Dekar.
New cultivation and drainage with government subsidies. Decares.

År Year	Fulldyrka <i>Fully cultivated</i>	Overflate- dyrka <i>Superficially cultivated</i>	Grøfting av tidlegare dyrka jord <i>Drainage</i>
1959.....	100 131	25 727	91 610
1961.....	78 328	22 285	71 910
1962.....	61 510	16 245	68 305
1963.....	58 634	14 793	71 524
1964.....	43 812	14 190	80 604
1965.....	49 524	11 400	74 748

Tabell 7. Nydyrking og grøfting med statstilskot i dei einskilde fylke.
Subsidized cultivation and drainage by county.

Fylke <i>County</i>	Fulldyrka <i>Fully cultivated</i>		Overflatedyrka <i>Superficially cultivated</i>		Grøfting av tidlegare dyrka jord <i>Drainage</i>	
	1964	1965	1964	1965	1964	1965
<i>Dekar Decares</i>						
Østfold.....	361	218	9	5	15 030	15 691
Akershus.....	821	522	37	—	9 890	8 417
Hedmark.....	3 291	3 240	94	142	10 480	8 445
Oppland.....	4 123	4 822	536	266	3 918	2 764
Buskerud.....	965	783	331	279	3 170	2 439
Vestfold.....	520	330	14	4	8 003	7 782
Telemark.....	661	531	173	112	3 821	3 401
Aust-Agder.....	207	229	7	33	1 875	1 685
Vest-Agder.....	502	676	349	321	1 079	1 066
Rogaland.....	2 472	2 138	2 916	2 147	3 477	3 480
Hordaland.....	1 820	1 451	3 026	2 400	1 010	1 083
Sogn og Fjordane.....	1 646	1 915	1 118	1 100	297	426
Møre og Romsdal.....	4 005	6 825	923	917	1 869	2 066
Sør-Trøndelag.....	5 082	6 580	528	562	4 495	4 071
Nord-Trøndelag.....	6 244	6 704	487	443	7 435	7 345
Nordland.....	5 608	7 795	2 306	1 487	3 759	3 738
Troms.....	3 566	3 156	1 228	1 069	890	729
Finnmark.....	1 918	1 609	108	113	106	120
I alt.....	43 812	49 524	14 190	11 400	80 604	74 748
<i>Prosent Percentages</i>						
Østfold.....	0,8	0,4	0,1	0,1	18,7	21,0
Akershus.....	1,9	1,1	0,3	—	12,3	11,3
Hedmark.....	7,5	6,5	0,7	1,2	13,0	11,3
Oppland.....	9,4	9,7	3,8	2,3	4,9	3,7
Buskerud.....	2,2	1,6	2,3	2,4	3,9	3,3
Vestfold.....	1,2	0,7	0,1	0,1	9,9	10,4
Telemark.....	1,5	1,1	1,2	1,0	4,7	4,5
Aust-Agder.....	0,5	0,5	0,0	0,3	2,3	2,2
Vest-Agder.....	1,2	1,4	2,5	2,8	1,3	1,4
Rogaland.....	5,6	4,3	20,5	18,8	4,3	4,6
Hordaland.....	4,1	2,9	21,3	21,1	1,3	1,4
Sogn og Fjordane.....	3,8	3,9	7,9	9,6	0,4	0,6
Møre og Romsdal.....	9,1	13,8	6,5	8,0	2,3	2,8
Sør-Trøndelag.....	11,6	13,3	3,7	5,0	5,6	5,4
Nord-Trøndelag.....	14,3	13,5	3,4	3,9	9,2	9,9
Nordland.....	12,8	15,7	16,2	13,0	4,7	5,0
Troms.....	8,1	6,4	8,7	9,4	1,1	1,0
Finnmark.....	4,4	3,2	0,8	1,0	0,1	0,2
I alt.....	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0	100,0

Tabell 8. Avlinga i jordbruket. 1 000 tonn. *Agricultural production. 1 000 tons.*

År Year	Kveite Wheat	Rug Rye	Bygg Barley	Havre Oats	Korn og erter i alt ¹ Total grains and dry peas	Grønfor Grains, cut green for feed	Poteter Potatoes	Rot- vokst- rar Fodder roots	Høy i alt Hay, total	Halm Straw	Föreiningar i alt ² Total
1959.....	20	2	304	117	448	57	1 071	673	2 753	408	1 959
1961.....	27	3	428	174	637	48	1 222	850	2 936	652	2 322
1962.....	20	4	343	107	476	55	919	643	2 809	665	2 037
1963.....	18	3	463	113	599	54	1 218	747	2 837	647	2 242
1964.....	20	2	480	126	630	54	804	608	2 777	708	2 157
1965.....	12	2	485	113	614	62	1 134	675	2 778	683	2 219

¹ Blandkorn og erter til mogning rekna med. *Mixed grains and dry peas included.* ² Millionar f.e. *Millions of feed units. 1 unit = the nutritive value of 1 kilo of barley.* Ved omrekninga til föreiningar har ein rekna: 1 f.e. = 1 kg kveite, rug, bygg og erter, 1,2 kg havre, 1,1 kg blandkorn, 4,5 kg poteter, 9 kg kålrot, förbete og förmergkål, 12 kg förnepe, 2,5 kg høy, 4,1 kg halm og 2,5 kg tørt grønfor. Desse omrekningfaktorane er nytta for alle år, utan omsyn til kvaliteten av avlinga. Beita er ikkje med i den avlingsmengda som tabellen syner. I 1959 blei det rekna med om lag 890 mill. föreiningar frå beite. Av dette var 380 mill. f.e. frå utmarksbeite.

Tabell 9. Avlinga av dei ymse jordbruksvokstrar. 1965. *Agricultural crops. 1965.*

	Areal Area Decares	Avling i kg pr. dekar Yield in kilos per decare	Avling i tonn Production in tons	Prosent av eit middelsår ¹ Percentage of mean an- nual yield	Kvalitet ² Quality
Kveite <i>Wheat</i>	42 430	278	11 798	94	3,0
Rug <i>Rye</i>	6 377	254	1 621	92	2,8
Bygg <i>Barley</i>	1 889 979	257	484 889	92	3,1
Havre <i>Oats</i>	455 704	249	113 297	87	2,9
Blandkorn og erter <i>Mixed grains and dry peas</i>	8 418	235	1 981	85	3,1
Korn og erter i alt <i>Total grains and dry peas</i>	2 402 908	255	613 586	91	3,1
Poteter <i>Potatoes</i>	482 886	2 348	1 133 594	97	3,9
Förnepe <i>Fodder turnips</i>	34 387	5 212	179 216	99	4,0
Kålrot <i>Kohlrabi</i>	69 246	4 705	325 815	91	3,6
Förbete <i>Fodder beats</i>	4 950	4 710	23 313	88	4,1
Förmergkål <i>Fodder kale</i>	24 712	5 950	147 045	100	4,3
Rotvokstrar og förmergkål i alt <i>Total fodder roots and kale</i>	133 295	5 067	675 389	95	3,9
Grønfor (tørt) <i>Grains, cut green for feed (dried)</i>	115 787	535	61 887	96	3,8
Høy frå eng på fulldyrka jord <i>Hay from cultivated meadows</i>	4 165 929	623	2 597 044	98	4,1
Høy frå natureng og overflatedyrka jord <i>Hay from permanent grassland</i>	465 690	389	181 082	95	4,1
Høy i alt <i>Hay total</i>	4 631 619	600	2 778 126	97	4,1
Halm <i>Straw</i>	2 402 908	284	682 995	96	3,4
I alt 1000 föreiningar (f.e.) <i>Total in 1000 feed units(f.u.)</i>			2 219 090	95	

¹ Nemninga «middelsår» gjeld den avlingsmengd ein reknar med å få i eit vanleg godt år, når det ikkje er noko særleg som skiplar avlingsvonen. Det er berre høyet som gjennom ei lengre årrekke kjem opp i om lag 100 prosent av middelsårsavling. For åkervokstrane ligg middelsprosentane for åra etter 1900 mellom 88 og 92, og for samla avling på 95 prosent. *Mean annual yield is reckoned as a harvest in a medium good year, when there are no abnormal conditions.* ² Kvalitetsgradering : 5 = sær god, 4 = mykje god, 3 = god, 2 = mindre god, 1 = dårleg. *Quality: 5 = extremely good, 4 = very good, 3 = good, 2 = not good, 1 = bad.*

Tabell 10. Avlinga i dei einstilte fylke rekna i 1 000 f.e.
Agricultural production by county in terms of feeding units.

Fylke County	Avling i 1000 f.e. Yield in 1000 f.u.			I prosent av middelsåret Percentage of mean annual yield		
	1963	1964	1965	1963	1964	1965
Østfold	191 926	200 939	179 545	97,3	97,2	89,2
Akershus og Oslo .	183 172	186 595	166 761	96,0	95,7	86,7
Hedmark	257 117	236 202	249 016	100,6	90,3	93,9
Oppland	219 963	208 153	223 542	102,4	93,5	98,0
Buskerud	113 948	112 023	110 357	100,9	97,0	94,1
Vestfold	117 188	125 777	115 519	93,2	97,0	93,0
Telemark	59 086	57 487	55 220	98,2	95,3	93,9
Aust-Agder	30 665	26 245	28 978	97,1	90,3	99,4
Vest-Agder	34 953	34 355	38 662	88,7	87,3	102,2
Rogaland	135 619	119 552	144 851	94,2	83,6	105,1
Hordaland og Bergen	96 351	76 369	97 483	99,8	80,1	102,1
Sogn og Fjordane . .	98 932	84 741	95 844	101,2	83,0	97,6
Møre og Romsdal . .	131 219	115 532	137 356	94,2	87,2	99,0
Sør-Trøndelag	167 246	150 876	166 790	98,6	90,6	99,2
Nord-Trøndelag . . .	176 817	180 403	195 925	96,2	94,0	101,8
Nordland	129 103	133 812	130 722	94,2	97,2	92,1
Troms	76 061	81 618	62 770	94,1	103,8	82,2
Finnmark	22 799	25 829	19 749	90,5	104,5	79,4
alt Total	2 242 165	2 156 508	2 219 090	97,4	92,5	95,3

Tabell 11. Avling pr. dekar. Yield per decare.

År Year	Kveite Wheat	Rug Rye	Bygg Barley	Havre Oats	Bland- korn Mixed grains	Poteter Pota- toes	Før- nepe Fodder turnips	Kålrot Kohl- rabi	Høy frå Hay from		I alt i f.e. Total in f.u.
									eng på fulldyr- ka jord cultiva- ted mea- dows	natur- eng og overfl.- dyrka perma- nent grass- land	
Avling i kg pr. dekar Yield in kilos per decare											
a.											
1960—64	255	255	257	249	257	2 063	4 535	4 706	618	383	278
1959	215	214	216	182	170	1 938	4 766	3 983	574	368	243
1962	208	222	209	202	202	1 825	4 173	3 767	609	375	257
1963	255	230	258	257	267	2 358	5 370	4 860	611	383	282
1964	279	263	264	241	259	1 641	3 402	4 243	619	386	275
1965	278	254	257	249	235	2 348	5 212	4 705	623	389	286
Avling i prosent av middelsåret Percentage of mean annual yield											
b.											
1960—64	93	94	94	92	95	88	89	93	100	98	96
1959	81	81	79	70	65	83	94	79	97	98	87
1962	75	80	75	72	73	77	83	75	98	94	88
1963	94	87	96	95	99	100	104	96	98	96	97
1964	93	96	94	85	93	69	68	83	99	95	93
1965	94	92	92	87	85	97	99	91	98	95	95
Utrekna middelsårsavling i kg pr. dekar Calculated mean annual yield in kilos per decare											
c.											
1959	267	263	273	260	264	2 343	5 082	5 031	594	374	278
1962	279	279	277	279	277	2 360	5 054	5 045	621	399	291
1963	272	264	269	271	269	2 353	5 156	5 055	624	397	289
1964	301	274	283	283	281	2 373	4 997	5 129	628	405	297
1965	295	275	280	285	278	2 412	5 243	5 201	639	411	300

Tabell 12. Avling av dei ymse jordbruksvokstrar i dei

	I alt	Østfold	Akershus og Oslo	Hed- mark	Opp- land	Buske- rud	Vest- fold	Tele- mark
Samla avling i tonn <i>Production. Tons</i>								
Kveite	11 798	1 297	957	2 487	821	561	279	206
Rug	1 621	486	126	179	351	71	178	—
Bygg	484 889	74 153	55 216	80 234	62 102	33 858	50 605	9 829
Havre	113 297	17 285	23 595	27 657	4 177	7 690	11 014	3 352
Blandkorn og erter	1 981	633	265	215	386	168	210	—
Korn og erter i alt	613 586	93 854	80 159	110 772	67 837	42 348	62 286	13 387
Poteter	1 133 594	53 168	54 497	135 988	136 484	37 869	75 379	33 165
Fôrnepe	179 216	2 964	2 668	15 393	12 248	2 649	3 033	2 380
Kålrot	325 815	43 416	47 763	40 804	17 212	23 310	35 266	13 003
Fôrbete	23 313	725	1 049	996	160	1 208	680	542
Fôrmergkål	147 045	10 292	18 398	11 292	8 189	5 702	5 734	2 578
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt	675 389	57 397	69 878	68 485	37 809	32 869	44 713	18 503
Høy frå fulldyrka eng	2 597 044	103 090	115 127	184 052	233 668	94 326	43 303	67 023
Høy frå natureng og over- flatedyrka eng	181 082	1 019	1 493	5 207	14 242	9 908	840	5 174
Høy i alt	2 778 126	104 109	116 620	189 259	247 910	104 234	44 143	72 197
Grønfør (tørt)	61 887	1 043	1 936	7 863	10 760	2 605	741	1 522
Halm	682 995	116 676	95 679	109 147	76 984	59 764	63 550	14 536
Samla avling i 1000 f.e. <i>Production. 1000 f.u.</i>								
Kveite	11 798	1 297	957	2 487	821	561	279	206
Rug	1 621	486	126	179	351	71	178	—
Bygg	484 889	74 153	55 216	80 234	62 102	33 858	50 605	9 829
Havre	94 415	14 404	19 663	23 048	3 481	6 408	9 178	2 793
Blandkorn og erter	1 801	575	241	195	351	153	191	—
Korn og erter i alt	594 524	90 915	76 203	106 143	67 106	41 051	60 431	12 828
Poteter	251 910	11 815	12 110	30 220	30 330	8 415	16 751	7 370
Fôrnepe	14 936	247	222	1 283	1 021	221	253	198
Kålrot	36 201	4 824	5 307	4 534	1 912	2 590	3 918	1 445
Fôrbete	2 592	81	117	111	18	134	76	60
Fôrmergkål	16 340	1 144	2 044	1 255	910	634	637	286
Rotvokstrar og fôrmergkål i alt	70 069	6 296	7 690	7 183	3 861	3 579	4 884	1 989
Høy frå fulldyrka eng	1 038 818	41 236	46 051	73 621	93 467	37 730	17 321	26 809
Høy frå natureng og over- flatedyrka eng	72 433	408	597	2 083	5 697	3 963	336	2 070
Høy i alt	1 111 251	41 644	46 648	75 704	99 164	41 693	17 657	28 879
Grønfør (tørt)	24 753	417	774	3 145	4 304	1 042	296	609
Halm	166 583	28 458	23 336	26 621	18 777	14 577	15 500	3 545
I alt	2 219 090	179 545	166 761	249 016	223 542	110 357	115 519	55 220

¹ Translation, see table 9.

einskilde fylke. 1965. *Agricultural crops¹ by county. 1965.*

Aust- Agder	Vest- Agder	Roga- land	Horda- land og Bergen	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Sør- Trønde- lag	Nord- Trønde- lag	Nord- land	Troms	Finn- mark
25	30	566	4	3	82	657	3 823	—	—	—
—	38	7	—	—	—	96	89	—	—	—
2 561	1 385	12 556	302	520	6 145	31 537	62 177	1 703	6	—
247	342	8 554	77	110	398	4 067	4 615	117	—	—
25	—	—	—	—	—	48	31	—	—	—
2 858	1 795	21 683	383	633	6 625	36 405	70 735	1 820	6	—
25 557	22 466	118 839	42 209	47 827	69 307	75 402	135 777	52 092	16 761	807
883	918	25 189	3 382	3 976	19 836	30 864	46 748	5 628	384	73
6 657	4 151	41 570	8 723	5 843	7 161	6 362	23 178	876	510	10
1 169	1 414	14 307	748	—	—	—	315	—	—	—
1 283	4 315	52 597	6 135	3 552	2 062	9 608	4 444	864	—	—
9 992	10 798	133 663	18 988	13 371	29 059	46 834	74 685	7 368	894	83
44 303	70 822	186 425	178 941	168 818	257 858	241 674	176 017	259 100	132 129	40 368
1 147	2 380	4 608	32 586	37 073	14 157	2 409	1 841	25 189	13 819	7 990
45 450	73 202	191 033	211 527	205 891	272 015	244 083	177 858	284 289	145 948	48 358
1 278	2 213	6 537	2 508	1 764	4 720	5 467	2 880	6 080	1 421	549
2 894	2 426	20 521	428	678	8 294	41 588	67 627	2 193	10	—
25	30	566	4	3	82	657	3 823	—	—	—
—	38	7	—	—	—	96	89	—	—	—
2 561	1 385	12 556	302	520	6 145	31 537	62 177	1 703	6	—
206	285	7 128	64	92	332	3 389	3 846	98	—	—
23	—	—	—	—	—	44	28	—	—	—
2 815	1 738	20 257	370	615	6 559	35 723	69 963	1 801	6	—
5 679	4 992	26 409	9 380	10 628	15 402	16 756	30 173	11 576	3 725	179
74	77	2 099	282	331	1 653	2 572	3 896	469	32	6
740	461	4 619	969	649	796	707	2 575	97	57	1
